



• | Dei modige
vala

Årsrapport og årsrekneskap 2023



Bilete på omslaget:
Jonna Dunfjeld-Mølnvik og Nelly Anna Karolina Engström
frå podkasten *Hævvi*. Ein sørsamisk podcast som tar deg med
under og bak kofta. Foto: Vegard Blakstad, NRK.

Innhold

Føreord: 90 år med gode val	6
Til kamp, kameratar!	8
Demenskoret	12
Rapportering på liv og død	16
Klima, miljø og natur	24
Rettigheter	28

Årsrekneskap og årsberetning 2023	34
Styrets årsmelding 2023	36
Årsrekneskap for 2023 med notar	48
Revisjonsberetning	70

Slik blir NRK styrt	72
----------------------------	-----------

Utgreiing av aktsemndsvurderingar etter openheitslova	74
Innleiing	76
Kartlegging og vurdering av negativ påverknad/skade	77
Tiltak og aktivitetar	78
NRK Aktivum AS	79

Resultat og nøkkeltal 2019–2023	80
Økonomisk utvikling konsern	82
Kostnadsutvikling NRK AS	84
Andel til norske TV-produsenter	86
Nøkkeltal	87

90 år med gode val

NRK er snart 100 år. Trass ei medieutvikling som ingen kunne førestille seg på 1920-talet, har vi framleis svært høg oppslutning og tillit i det norske samfunnet.

Kva har vore oppskrifta til NRK-suksessen?

Eg trur det har vore mot, at vi til kvar tid har vore modige nok til å ta vanskelege val og våga å satse og teste ut nye idéar.

Medarbeidarar i tidlegare generasjonar møtte nok motstand frå dei eldre kollegaene sine. Dei måtte ta sjansar og våge å vere modige for å få til nødvendig endring. Vi som er tilsette i NRK i dag, står på skuldrene deira, slik den førre generasjonen stod på skuldrene til dei første pionerane. Ein dag vil kanskje vi som er her no, meine at alt var betre før. Eg håpar ikkje det. Eg håpar vi vil halde fram med å utforske korleis vi på stadig nye måtar kan styrke og utvikle demokratiet, samle og engasjere alle som bur i landet og løfte og berike norsk og samisk språk og kultur.

Då vi laga årets strategi, var vi opptekne av å seie noko om kva som kjenneteiknar organisasjonar som klarer å levere i verdsklasse. Vi konkluderte med at vi må vere ein modig og kreativ fellesskap dersom vi skal levere på toppnivå. Verda rundt oss endrar seg i eit stadig høgare tempo. For å oppfylle oppdraget vårt, må vi endre oss med henne. Sjølv om det går bra med NRK om dagen, betyr ikkje det at vi ikkje må halde fram med å utvikle oss. Den snart 100 år gamle NRK-historia er ei forteljing om kontinuerleg endring.

Vi konkluderte med at vi må vere ein modig og kreativ fellesskap dersom vi skal levere på toppnivå.



I denne rapporten kan du lese om nokre av vala vi tok i 2023.

Fellesnemnaren er at dei var modige, på den eine eller andre måten. Vi laga for eksempel den første podkasten på sørsamisk, eit utryddings-truga språk. Likevel viste det seg at interessen langt overskred dei få som beherskar språket. Valomaten og Lokalvalguiden skapte òg historie. For alle dei 357 kommunane i Noreg var tekstane denne gongen skrivne på minst to språk. For 11 kommunar var tekstane på nordsamisk.

Noko av det vanskelegaste vi driv med, er humor og satire. Det nokre synest er morosamt, synest andre er støytande. Vi får lett kritikk når nokon synest at vi trør feil. Men å teste grenser er naudsynt. Humor og satire har ein viktig funksjon i samfunnet vårt og er ein sentral del av den oppgåva NRK har som allmennkringkastar.

2023 var året då vi for alvor trekte innhaldet vårt attende frå tredjeparts-plattformer og sosiale medium. Mange har stussa over dette, sidan NRK skal vere for alle og vi veit at vi treffer breitt på desse plattformene. Men vi må ha kontroll sjølve på kva vi publiserer og korleis innhaldet når ut. Redaktøransvaret kan ein ikkje overlate til globale algoritmar.

Ei av dei kanskje modigaste satsingane i år var å fortelje historia om Gro Harlem Brundtland i eit moderne dramaformat. *Makta* vekte debatt, slik gode seriar skal. Å satse på konstruktiv journalistikk i ei verd som kan fortone seg mørk, var òg utfordrande. For det er i møte med verda der ute at vi må mönstre alt motet vårt, dra ut i felt og rapportere og forklare polariserte konfliktar. I 2023 var utanriksdekkinga vår meir krevjande enn nokon gong. Nett difor var ho kanskje det viktigaste vi leverte.

Kringkastingssjef Vibeke Fürst Haugen.
Foto: Robert Rønning, NRK.

Vibeke Fürst Haugen
Kringkastingssjef

Til kamp, kameratar!

Årets store dramaserie var, overraskande nok, ein politisk satire. *Makta* handla om det intense maktspelet i Arbeidarpartiet på 1970- og 1980-talet. Bak serien stod dei tre serieskaparane Johan Fasting, Silje Storstein og Kristin Grue, som alle var for unge til å ha opplevd desse hendingane. Dei gav seg sjølve stor kunstnarleg fridom og fortalte ei historie basert på «sannhet, løgn og dårlig hukommelse».

Meldarane vart straks begeistra. Det intense drivet, glimrande skodespelarprestasjonar og den nyskapande forma, der hendingar frå ei svunnen tid vart presenterte i moderne tidskoloritt, fell i smak. I løpet av vinteren fekk over ein million sjåarar med seg den første episoden. Jungeltelegrafen vekte nyfikna hjå mange, ikkje berre for denne historia, men òg for eit Noreg som ikkje lenger finst, og for kva politikken representerer i eit liberalt demokrati.

Arbeidarpartiet jublar over valresultata i episode to. Foto: NRK.



Vegen til makt

I løpet av vinteren fekk over ein million sjåarar med seg den første episoden.

Kathrine Thorborg Johansen som Gro Harlem Brundtland i *Makta*. Foto: NRK/MOTLYS/NOVEMBERFILM.

Utgangspunktet for *Makta* var ein uforsonleg konflikt mellom partileiar Reiulf Steen og statsminister Odvar Nordli, som heldt på å rive sund Det norske Arbeidarparti. Konflikten førte til at den unge miljøvernministeren Gro Harlem Brundtland motvillig vart vika inn i maktspelet i norsk politikk. Sjåarane fekk følgje henne på vegen til toppen av maktpyramiden som Noregs første kvinnelege statsminister.

Første delen av *Makta* vart send i oktober og november, medan andre delen først kom i 2024. *Makta* utløyste eit skred av kommentarar, samfunnsdebattar og diskusjonar på ei rekke flater, både redaktørstyrte og i sosiale medium. I løpet av 2023 vart det publisert over tusen artiklar om denne TV-serien. Podcasten Seriesnakk tok for seg kvar enkelt episode, og på nrk.no kunne ein få oppklart kva som var fakta og kva som var fiksjon. Den viktigaste debatten vart likevel ført mellom folk flest, i kommentarfelt, på sosiale medium og rundt middagsbordet.





Kulturelt referansepunkt

Faktiske politiske hendingar frå slutten av 1970-talet og kva som utgjer eit velferdssamfunn vart heftig diskutert. Men det var òg mange som var engasjerte i kunstnarlege diskusjonar om kor stor fridom ein manusforfattar kan ta seg med historisk materiale og korleis det verkar med «fargeblind» casting. Serien vart raskt eit kulturelt referansepunkt. *Makta* bidrog dimed til at NRK oppfylte sosiale og kulturelle behov i samfunnet, slik oppdraget krev. Serien både bidrog til den løpende samfunnsdebatten og sette dagsordenen på eiga hand. Kanskje bidrog han òg til å styrke og utvikle demokratiet.

For NRK Drama var publiseringa av *Makta* slutten på eit fire år langt arbeid. Visjonen hjå serieskaparane stod i sentrum for utviklingsarbeidet, der filmselskapa Novemberfilm og Motlys vart partnarar for NRK. Med nær fortid som tema hadde serien mange interessentar. Personar som skulle sjå seg sjølve framstilt, vart kontakta, og familiemedlemer til avdøde politikarar fekk kome på førehandsvisning.

Då den 84 år gamle Gro Harlem Brundtland hadde sett dei to første episodane, gav ho karakteren «ikke dårlig». Ho kjente seg att i handlinga og roste skodespelar Kathrine Thorborg Johansen for å ha funne røysta hennar.

Til liks med store delar av befolkninga avslutta Gro Harlem Brundtland kvar veke denne hausten med å sjå den nyaste episoden av *Makta*.

Då den 84 år gamle Gro Harlem Brundtland hadde sett dei to første episodane, gav ho karakteren «ikke dårlig».



Demenskoret

Jan Runar Eliassen er med i *Demenskoret*.
Foto: Anna Sørmarken Vestly, NRK.

Første nyttårsdagen hadde *Demenskoret* premiere på NRK1. Mottakinga var som ein tsunami av positive reaksjonar. *Demenskoret* trefte ei nerve i befolkninga, og ei sår røynd kom ut i lyset.

Ordet demens har vore forbunde med skam og stigma, vankunne og fornekting. I Noreg er det ca. 110 000 menneske over 65 år som har diagnosen, og talet er aukande. Dei under 65 blir ikkje talde. Det betyr at ca. 400 000 er pårørande til menneske med demens.

Det interessante er at den delen av hjernen som mottek musikk, ikkje blir påverka av sjukdomen. Dimed kan menneske som lir av demens, ha stor glede av musikk. Forsking syner at det å utøve musikk, staggar utviklinga, og konsekvensane for helsa er at pasientane får eit rikare og meir aktivt liv og treng mindre medisinering.

Tanken bak serien var å løfte temaet demens på ein positiv måte. Det kan gje både kunnskap og inspirasjon til å drive med musikk for dei som er sjuke. Vi ville gjere det med varme og respekt og vise at livet kan ha mening, sjølv om ein får ein dødeleg sjukdom. Vi hadde eit håp om at vi på denne måten ville nå breiare ut enn berre til dei det gjeld og dei pårørande.

110 000

menneske over 65 år har
ein demensdiagnose

400 000

er pårørande til
menneske med demens



2023

Demenskoret

Korist Ingrid og korleiar og dirigent Kim Wigaard gjer seg klare til konsert.
Foto: Julia Maria Naglestad, NRK.



15

Demenskoret under ei øving på Nordre Skøyen hovudgard. Kim Wigaard er dirigenten som med entusiasme leier koret. Foto: Anna Sørmarken Vestly, NRK.

Casting og etikk

Korleis skipar ein eit demenskor? Er det etisk forsvarleg å samle så mange med sjukdomen på éin gong over fleire episodar og eksponere dei for et stort sjåartal? Mange har ikkje samtykkekompetanse, og vil deltarar forstå kva dei seier ja til?

Vi fann svara saman med Nasjonalforeininga for folkehelsa og Noregs musikkhøgskole. Dei utdannar musikkterapeutar og har europeiske samarbeid om forsking på kva musikk kan gjøre for folk med demenssjukdomen. Dette samarbeidet overtydde oss om at vi kunne gjennomføre dette, berre vi heile tida tenkte på tryggleik for kormedlemene i alle fasar av produksjonen. Dette fekk førsteprioritet i alle avgjerder vi tok, og alle i produksjonen vart handplukka og sende på demenskurs for å lære.

Gjennom helseinstitusjonar, demenskoordinatorar i bydelane i Oslo, Nasjonalforeininga, seniorkor og andre fekk vi tips om kva personar som kunne eigne seg til å bli med i koret. Produsent og programleiar drog heim til alle dei forskjellige personane for å sondere om nokon hadde lyst. Dei pårørande var med på alle samtalar, slik at vi var sikre på at òg dei forstod intensjonen med serien, og at dei var godt informerte om kva dei sa ja til.

Ordet demens har vore forbunde med skam og stigma, vankunne og fornekting.

Det var avgjerande for NRK at koret skulle driftast vidare etter at produksjonen var over. Det hadde vore uforsvarleg å setje i gang eit kor for så å legge det ned når NRK sløkte lampene. Nasjonalforeininga for folkehelsa sa seg villige til å drifta koret vidare, og den dag i dag øver dei ein gong i veka i deira lokale.

80
nye kor har blitt registrerte

1 200
artiklar om serien og demenssaka

Etterverknad

Plutselig kunne ein seie ordet demens utan å føle på skam. Det inspirerte til ei heilt ny korrrølse i Noreg. Vi har ikkje offisielle tal på kor mange kor som har starta opp, men Nasjonalforeininga har registrert 80 nye kor, og gjennom ei uformell spørjeundersøking er det funne totalt 160 kor.

Demenskoret har ført til over 1 200 artiklar om serien og demenssaka. Pårørandegrupper har fått inspirasjon og kraft til å kjempe for saka si. I Oslo fekk dei inn nokre ekstra punkt om rettigheter for pårørande i den nye demensplanen for kommunen.

Serien har fått fleire priser, mellom anna Universitetet i Oslos menneskerettspris, som vart gjeve til programleiar Ingrid Gjessing Linhave og Demenskoret ved dirigent Kim Wigaard.

Språkrådet innstilteorda «KI-generert» og «Demenskoret» som årets nyord. Dei valde til slutt «KI-generert», men det seier noko om kor høgt opp i folks medvit Demenskoret kom.

Jan Runar Eliassen fekk diagnosen som 45-åring. Han seier om deltakinga si i koret:

TV-serien har betydd enormt mykje for demenssaka. Det er nesten ei ny tidsrekning før og etter sesong 1 på TV. Demenskoret har bidrege til meir openheit om sjukdomen. Å vere med i Demenskoret har vore ei stor glede for meg, eg fekk nye venner på tvers av alder og er veldig glad for at koret fortsette så vi kunne bevare gleda vidare. Eg er veldig takknemleg overfor NRK som gjorde dette prosjektet.

Demenskoret er produsert av Nordisk Banijay for NRK.

Rapportering på liv og død

Å formidle krig og konflikt er ei sentral oppgåve for NRK. Men det er òg ei av dei vanskelegaste. Målet for NRK er å rapportere så presist som mogeleg og gje eit sannferdig biletet av konfliktane. Dette er krevjande i alle krigar. Partane i krigen ønskjer sterkt eit røyndomsbilete som tener dei. I felt står det om liv eller død. Svært mange aktørar er involverte. Det kompliserer biletet. Krigståka kjem like raskt som sjølve krigen.

For NRK står det å vere til stades ute i verda sentralt. Det er viktig at vi kjem så tett på som mogeleg, på trygt og forsvarleg vis.



Krigen braut ut

7. oktober eksploderte det i Midtausten. Då gjekk Hamas til åtak på det sørlege Israel med rakettar og bakkekrigarar. Dei braut ut av Gaza og gjekk til åtak på sivile med ein brutalitet som få hadde førestilt seg. Ikkje sidan Holocaust har fleire jødar blitt drepne på éin dag. Hamas tok fleire enn 200 gislar med seg tilbake til Gaza, mange av dei eldre og born. Dette terrorangrepet starta ein ny runde med open væpna konflikt og brei uvisse rundt om i Midausten.

Same dagen svara Israel med åtak på Gaza. Det fekk store konsekvensar. Over ein million menneske måtte fly heimane sine under invasjonen, og dødstala steig i urovekkjande fart. Minimalt med naudhjelp kom inn på Gazastripa, som allereie før krigen var heilt avhengig av internasjonal hjelp. Straum- og vassforsyning stoppa opp. I løpet av dei siste månadene av året vart 23 000 menneske drepne og over 59 000 såra i desse åtaka, ifølgje helsemyndighetene i Gaza. Kring 70 prosent av dei skal vere kvinner og born. Palestinarane frykta at det største traumet deira, Nakba – flukta og fordrivinga som dei vart utsette for då staten Israel vart oppretta – skulle gjenta seg.

**Over ein million menneske
måtte fly heimane sine under
invasjonen, og dødstala steig i
urovekkjande fart.**

Korrespondent Åse Marit Befring med
pressevest på jobb i Israel. Foto: NRK.



Korrespondent Yama Wolasmal og fotograf
Håvard Greger Hagen på jobb i Israel.
Foto: NRK.

Sterkt engasjement

NRK var raskt på plass i Israel og den okkuperte Vestbreidda med journalistar og fotografar. Korkje Israel eller Egypt sleppte utanlandske journalistar inn i Gaza. Det hemma dekninga vår. Eit viktig bidrag kom frå modige journalistar i Gaza, som jobba på våre vegner og i tett kontakt med nyheitsdesken på Marienlyst.

Svekt infrastruktur var eit anna problem. Det var åtak på fleire sjukehus, og helseinstitusjonane var i beste fall svært sårbare. Det var òg svært krevjande med kommunikasjon. Telefonnettverk og internettdekning vart i stor grad øydelagt. Dette gjorde det vanskeleg å samordne tal.

Mange nordmenn følte at denne konflikten vedkom dei direkte. For somme var saka personleg, for andre handla det om identitet, rettferd, historie og religion. Engasjementet var ualminneleg høgt, og pågangen på utanriksredaksjonen og NRK-reportarar vart valdsam. Pågangen på NRK vart raskt stor, med krav om auka dekning, men òg om å ta parti for ein av partane i krigen.

Representativ journalistikk

For NRK vart målet for dekninga ein representativ journalistikk som får fram begge sidene og tek inn over seg israelarar som heile menneske, palestinrarar som heile menneske og kompleksiteten i konflikten. Berre på den måten kunne vi klare å forklare og forstå djupet i denne krigen. Å forklare og engasjere er det viktigaste med utanriksdekninga.

Ho skal forklare, slik at publikum kan forstå verda vi lever i og ta dei vala som er riktige for seg og sine. NRK har fått i oppgåve å styrke det norske demokratiet. Som ein kollektiv norsk fellesskap blir vi nøydde til å ta mange krevjande val framover, og vi skal hjelpe til at dette skjer på best mogeleg grunnlag.

Det er òg viktig å engasjere. Journalistikk skal vere noko meir enn eit pliktløp, sjølv om verda er krevjande, mørk og brutal. Å følgje med på utanriksjournalistikken vår skal vere interessant og gjevande. Utanriksnyheitene må ikkje bli ein stor vegg som berre eit fåtal ønskjer, gidd eller klarer å følgje med på.

Korkje Israel eller Egypt sleppte utanlandske journalistar inn i Gaza. Det hemma dekninga vår.

Faktasjekk

I Gaza-krigen vart det viktig å halde fast ved vanleg journalistisk metode.

I Gaza-krigen vart det viktig å halde fast ved vanleg journalistisk metode. Påstandar vart kontrollerte, eigne saker vart faktasjekka, ulike perspektiv vart etterspurde og vi arbeidde systematisk med å skaffe eit breitt kjeldeutval. Reportarane vart bedne om å uttrykke seg presist i eit nøytralt nyheitsspråk. Sosiale medium gav mange høve til å innhente ekstra informasjon, men var òg prega av desinformasjon og støy. NRK hjelpte difor til at faktasjekktenesta Faktisk verifiserbar vart etablert på ny. Som eit redaktørstyrt medium er det ekstra viktig at vi skil oss frå den ukontrollerte straumen av bilet og påstandar i sosiale medium. Brukarane våre skal vite at dei kan stole på NRK-journalistikken. Prisen for dette truverdet er at det kan ta lengre tid før ei sak blir publisert hos oss enn på tredjepartsplattformer.

Det aller viktigaste for utanriksdekninga er nærvære i felt. Å vere til stades er hjartepumpa i journalistikken vår og måten vi best klarer å ta inn over oss og formidle konflikt. NRK-korrespondentar snakka med ekspertar og myndigheiter, men oppsøkte først og fremst menneska som vart råka av krigen. Nærværet gav oss høve til å analysere og forstå og fortelje heim på ein best mogeleg måte om det som skjedde.



Åse Marit Befring og fotograf Lokman Ghorbani på jobb i Israel. Foto: NRK.



Korrespondent Yama Wolasmal sammen med fotograf Håvard Greger Hagen. Foto: NRK.

Til stades i felt

Då alvoret i åtaket stod klart for oss 7. oktober, bestemte vi oss for å rykke ut med begge korrespondentane frå Beirut og Istanbul og sende fotografar frå Oslo. Slik fekk vi raskt på plass team som kunne jobbe godt saman og kvar for seg. Dei vart bytte ut med to nye team i helga, og vi køyrdde med dobbelt mannskap dei neste vekene og månadene.

Vi har altså ikkje vore til stades i Gaza. Det har vore praktisk umogeleg og uforsvarleg med omsyn til tryggleiken. Løysinga vart å bruke lokale team og løfte fram røyster på andre måtar. Arbeidet i heime-redaksjonen vart òg hektisk. Mange menneske jobba døgnet rundt i ein informasjonsstraum utan like, både med ekstrasendingar og løpende nyheter på nett, direkte radio, podkastar og TV. Krigen mellom Hamas og Israel fekk høgaste prioritet i NRK denne lagnadstunge hausten.

NRKs korrespondentar

11

kontor

12

korrespondentar

Joakim Reigstad
Stockholm
[Frå 2022](#)



Åse Marit Befring
Istanbul
[Frå 2022](#)



Gro Holm
Moskva
[Frå 2022](#)



Philip Lote
Beijing
[Frå 2021](#)



Tove Bjørgaas
Washington DC
[Frå 2021](#)



Anders Tvegård
Washington DC
[Frå 2023](#)



Gry Blekstad Almås
Storbritannia
[Frå 2021](#)



Simen Ekern
Brussel
[Frå 2020](#)



Zofia Paszkiewicz
Berlin
[Frå 2023](#)



Vegard Tjørhom
Nairobi
[Frå 2022](#)



Gunnar Bratthammer
Kyiv (foto)
[Frå 2023](#)



Kari Skeie
Kyiv
[Frå 2023](#)



Yama Wolasmal
Beirut
[Frå 2020](#)

Klima, miljø og natur

I 2020 sette NRK i gang ei eiga satsing på klima for å styrke journalistikken på ei av vår tids største utfordringar. Målet var å systematisere arbeidet med eit samfunnsområde som vil bety enormt mykje for både den nære framtida og komande generasjonar.

Før satsinga var journalistikken på dette området litt tilfeldig. Etter fire år har han blitt viktig for å belyse store utfordringar, men òg ved å skissere konstruktive løysingar. Redaksjonane som jobbar med området, legg rådande forsking til grunn, som tilseier at menneskeskapte klimaendringar finn stad. Debatten dreier seg om korleis ein bør handle, ikkje om det skal handlast.

Restar av Frigg TCP1 i Nordsjøen.
Foto: Total Energies.

Etter olja

7 000
kilometer med
rørledningar som
ikkje er i bruk

200 000
tonn att i
Ekofisk-tanken

I ein djupneartikkel i mai fortalte vi om alle installasjonane i Nordsjøen som står att etter fleire tiår med olje- og gassproduksjon. Etter kvart som felta blir tømde, blir både plattformer, rørledningar og brønnar ståande ubrukta. Eit titals plattformer og nesten 7 000 kilometer med rørledning er i dag ikkje i bruk i våre havområde.

Det er ein dyr og vanskeleg jobb å fjerne utstyret, og i nokre tilfelle blir det ståande att som monument frå den nære historia om oljeeventyret. Dette dokumenterte NRK i tilfella med ei plattform på Frigg-feltet og den ikoniske Ekofisk-tanken. I nokre tilfelle ville det vere knytt til livsfare for menneske dersom ein skulle fjerna alt, og i dei to døma er det synlege restar som blir ståande att. I Ekofisk-tanken står det att over 200 000 tonn i havet.

I artikkelen beskriv ein prosessen om kva krav som skal stillast til selskapa som eig installasjonane. Mykje har skjedd, og krava er skjerpe sidan restane av Alexander Kielland-plattforma vart senkt på 700 meters djup i Rogaland etter den tragiske ulykka i 1980. Løysinga kan likevel bli at delar av fleire plattformer blir ståande, kanskje i fleire hundre år, heilt til dei blir brotne ned med tida.



Den sjette masseutryddinga

Gjennom ei rekke lengre artiklar og reportasjar fra fleire redaksjonar blir øydelegging av natur beskrive, det som ein gjerne omtalar som at mennesket er ferd med å forårsake den sjette masseutryddinga på kloden.

Eit døme er reisa til ørna fru Rauer, den siste GPS-merkte fiskeørna i Noreg. Vi følgjer den 5 700 kilometer og 18 dagar lange flyturen hennar frå Noreg til vinteropphold i Vest-Sahara.

Dei siste 40 åra har det blitt 600 millionar færre fuglar i Europa. I Noreg er 40 prosent av artane truga av utrydding. *Fru Rauers* reise skildrar dei mange farane ho trassar, både menneskeskapte og naturlege, sørover og på returnen til Noreg. Vindkraftverk, ulovleg jakt og ein minelagt ørken er farlege hinder for henne og dei mange trekkfuglane.

600 millionar

færre fuglar i Europa dei siste 40 åra. I Noreg er **40 prosent** av artane truga av utrydding

Fiskeørna fru Rauer.
Foto: Tommy Olafsen.



Rettigheiter

NRK-tilbodet til publikum er heilt avhengig av føreseielege rettighetsavtaler. Innan musikk, drama, sport, nyheiter, kunst og kultur må vi sikre at vi til kvar tid har avtaler som gjev publikum eit best mogeleg tilbod, samtidig som vi skal gje opphavarar, dei som eig åndsverka, rimelege vilkår. Det viktigaste er at publikum kan bruke innhaldet når dei vil og så lenge dei vil, anten det er ein dramaserie eller ein podkast, og at produksjonane til NRK i størst mogeleg grad er tilgjengelege i ein uavgrensa periode.

For NRK betyr det at vi må kjøpe retten til å bruke dei verka vi treng, for å lage det innhaldet vi vil. I tillegg må vi kunne publisere innhaldet på dei plattformene vi skal, for å treffen publikum der dei er. Den rivande digitale utviklinga gjer at rettigheter må sikrast for alle medieplattformer, både eksisterande og dei vi enno ikkje har sett.

Kvart år forvaltar NRK rettigheter for store summar. Av desse går eit stort beløp tilbake til norsk kulturliv i form av rettigheter med opphavarar. I år er det på fleire hundre millionar kroner.

Avtalene vi inngår, skal vareta både fortløpende publisering og tilgjengeleight i NRK-arkiva. I dag har vi ca. 630 000 program i NRK TV og NRK radio. Sjølv om bruken av desse som arkiv berre utgjer éin prosent av totalbruken, er det viktig at mest mogeleg innhald er tilgjengeleg for publikum.

Den rivande digitale utviklinga gjer at rettigheter må sikrast for alle medieplattformer, både eksisterande og dei vi enno ikkje har sett.

Sportsrettigheter i ein krevande marknad

Konkuransen om rettigheter har i lengre tid auka prisane på sport kraftig. Difor er det føremålstenleg og kostnadssparande for NRK å dele på sportsrettigheter med andre medieaktørar.

Vi har som strategi å skape store fellesopplevelingar, og difor er det avgjerande for NRK å sikre seg rettigheter til dei største sportsarrangementa. Desse rettighetene er attraktive for fleire medieaktørar, og vi har difor sett ein stor og auka konkurranse om å sikre seg desse. Konkuransen om rettigheter har i lengre tid auka prisane på sport kraftig. Difor er det føremålstenleg og kostnadssparande for NRK å dele på sportsrettigheter med andre medieaktørar.

For NRK har det vore avgjerande anten å gå i strategisk samarbeid om å kjøpe heile eller delar av rettigheter frå den medieaktøren som sit på dei. Døme på dette er kjøp av fotball-EM i 2024 og fotball-VM i 2026 saman med TV2, VM på ski 2025 frå Viaplay og friidrett i Paris-OL 2024 frå Discovery.

For at vi skal ha kontinuitet og vere med på å bygge interesse og profilar, er det òg avgjerande å sikre rettigheter som strekkjer seg over fleire år. Her kan vi nemne kjøpet av fire OL: vinter-OL 2026 i Cortina, sommar-OL 2028 i Los Angeles, vinter-OL 2030 i Frankrike og sommar-OL 2032 i Brisbane gjennom EBU, og EM i fotball 2024 i Tyskland og 2028 i Storbritannia saman med TV2.

NRK har mange avtaler gjennom den europeiske kringkastarunionen EBU. Dette gjeld spesielt der rettighetene blir selde samla for heile Europa, og ikkje enkeltvis i kvart land. Gjennom EBU har vi avtaler om friidretts-EM i 2024 og 2026, friidretts-VM i 2025, 2027 og 2029, og alle verdscupar og VM i skiskyting saman med TV2 frå 2022 til 2026.

Alt i alt har NRK både mange og lange rettighetsavtaler. Dette skal sikre at flest mogeleg får høve til å oppleve viktige meisterskapar på fellesarenaen NRK.

Breidd og paraidrett

NRK har eit særskilt ansvar for å vareta breidda i idretten, inkludert paraidretten. I år sende vi direkte frå ski-VM for parautøvarar i Østersund i Sverige, vi hadde eige video- og reporterteam til Special Olympics i Berlin og hadde sendingar frå sittande og stående langrenn under sesongopninga på Beitostølen.

I tillegg følgde vi framståande utøvarar som Jesper Saltvik Pedersen og Birgit Skarstein tett gjennom heile året gjennom sendingar, reportasjar og generell nyhetsverksemd.

Men den sentrale satsinga for NRK Sport for å vise fram breidda av toppidrettar og paraidretten, er den årlege satsinga «NM-veka». I år vart den arrangert sommarstid i Trøndelag, og paraklatring, rullestolrugby og el-innebandy var blant idrettane for funksjonshemma som vart presenterte. Gjennom fem hektiske dagar i juni vart òg idrettar som rugby, ultraløp, functional fitness, speedcross, el-enduro og diskogolf grundig introdusert for det norske publikummet.



Langrennsløpar Vilde Nilsen vart tildelt den aller første kongepokalen til ein parautøvar under NM på Tolga i 2023. Foto: NTB.

NRKs distriktsdivisjon og NRK Sápmi

● Nord

● Midt


● Vest

● Søraust

● Sendestad/distriktskontor

● Redaksjon

● Lokalkontor



2023 i tal

Publikum

Bemanning

Innhold

91 %

av befolkninga brukar
tenester frå NRK dagleg


3 221

fast tilsette i NRK

220 000

titlar tilgjengeleg hjå
NRK TV

Omdøme



86 %

meiner NRK oppfyller allmennkringkastings-
mandatet «ganske» eller «svært godt»

NRK er viktig for samfunnet

84 %

NRK er viktig for deg

68 %

26 %

brukar nett-TV frå
NRK dagleg

54 %

kvinneandel blant
leiarar i NRK

482 000

titlar tilgjengelege i
NRK Radio


65 % marknadsandel i radio

47 % kvinner

53 % menn

74 % valuta for skatten

Ressursbruk innhold



Økonomi

6 432 209

tNOK i driftsinntekter

4 346 555


tNOK i eigedeler

36 %
eigenkapitalandel



96,7 %
av driftsinntekta kjem frå
statstilskot





Årsrekneskap og årsmelding 2023

Styrets årsmelding 2023	36
Årsrekneskap for 2023 med notar	48
Revisjonsberetning	70
Slik blir NRK styrt	72

Styrets årsmelding 2023

Innleiing

I 2023 har NRK oppretthalde den høge tilliten, bruken og omdømet, og samtidig levert tilfredsstillende økonomiske resultat, i tråd med målsettingane.

Men fleire år med lågare inntektsvekst enn den generelle kostnadsutviklinga i samfunnet har påverka publikums-tilbodet. Det internasjonale nyhetsbiletet har vore prioritert, og vurderinga frå styret er at NRK har oppfylt allmennkringkastingsoppdraget og gjeve befolkninga eit breitt og rikt innhaldstilbod gjennom året.

Styrets arbeid

I 2023 heldt styret ni styremøte, og av dei var tre ekstraordinære.

Prosjekt Normannsløkka, arbeidet med nytt hovudkontor, var den enkeltsaka som styret brukte mest tid på i løpet av året. Saka vart behandla på alle styremøta. I tillegg heldt styret saman med toppleiargruppa og prosjekteiinga eit eige seminar om styring av store byggeprosjekt.

I mars engasjerte styret Johan Arnt Vatnan som styreleiar for NRK Normannsløkka AS.

Modernisering av NRKs produksjonsplattform og investeringar i ny produksjonsteknologi for det nye regionkontoret i Trondheim og hovudkontoret på Normannsløkka er òg ei strategisk viktig sak som styret byrja å arbeide med i 2023. Arbeidet og investeringane er omfattande og vil krevje merksemda til styret fram til innflytting i nytt hovudkontor.

Ut over desse forholda har styret òg i 2023 arbeidd med å revidere strategien. I år har styret mellom anna lagt særskilt vekt på organisasjonsutvikling og

å utarbeide klare KPI-ar for å kunne måla effekten av strategien og tiltaka.

Det samiske oppdraget til NRK var spesialtema for styremøtet i april. Det gav høve for styret til å besøke NRK Sápmis kontor, Sametinget i Karasjok og den samiske høgskulen i Kautokeino.

Styret kombinerte møtet i oktober med ei studiereise til Brussel. Tema for reisa var kva EU-regulering av allmennkringkasting betyr, og mediemarknaden i Europa.

Oppsummert er styret nøgd med organisasjonens arbeid i 2023. NRK-oppdraget er løyst på ein utmerkt måte, og det er jobba godt med verksemssstyringa. NRK har oppretthalde posisjonen i ein krevjande konkurransesituasjon. Trass høg kostnadsutvikling og ekstra ressursbruk knytt til nyhetsoppdraget, særskilt dekninga av krigssituasjonen i Ukraina og Midtausten, har selskapet klart å styre mot eit resultat i balanse for den ordinære verksemda.

NRKs oppdrag

NRKs føremål er å drive allmennkringkasting. NRKs oppdrag er i tråd med Grunnlova § 100 og statens ansvar for å leggje til rette for ytrings- og informasjonsfridom. Av kringkastingslova § 6-1 tredje ledd går det fram at NRK skal drive allmennkringkasting og verksemrd som har samanheng med dette. Sjølvé allmennkringkastingsoppdraget er formelt gjeve NRK i selskapet sine vedtekter. I vedtekene § 3 er føremålet presistert slik at NRK skal «tilby allmennkringkasting for hele Norges befolkning i radio og fjernsyn samt på øvrige medieplattformer».

Stortinget har i NRK-plakaten formulert dei overordna og prinsipielle krava som ligg i allmennkringkastingsoppdraget. NRK-plakaten er i heilskap inntekte som del II (§§ 12-26) i vedtekene for selskapet. I det første

punktet i plakaten står det at NRK skal ha som føremål «å oppfylle demokratiske, sosiale og kulturelle behov i samfunnet».

I tillegg til dei krava som følgjer av NRK-plakaten er det i del III av vedtekene meir detaljerte krav (§§ 27-52). Det er dei samla krava i del II og III av vedtekene som utgjer allmennkringkastingsoppdraget.

NRK utarbeider årleg eit allmennkringkastingsrekneskap som gjer greie for korleis oppdraget blir løyst. Utgreiinga blir send til Medietilsynet, som vurderer og kontrollerer om krava i oppdraget er oppfylte. Vurderinga frå tilsynet blir gjeven i form av ein allmennkringkastingsrapport som blir send til NRKs generalforsamling.

NRK driv verksemda si frå hovudkontoret i Oslo og frå regionkontor i Kristiansand, Porsgrunn, Stavanger, Fredrikstad, Drammen, Bergen, Lillehammer, Ålesund, Trondheim, Bodø, Tromsø, Alta og Karasjok. I tillegg har NRK lokalkontor på fleire enn 30 stader rundt om i landet.

Då finansieringa av NRK vart lagt om i 2019, vedtok Stortinget samstundes at styringssignalet for NRK og nivået for det årlege finansieringstilskotet i framtida skal fastsetjast for fire år om gongen, rett nok slik at første perioden vart avkorta til tre år (2020–2022) for å unngå at vurderinga av NRK-oppdraget og finansiering finn stad i år med politiske val.

Stortinget følgde opp vedtaket frå 2019 då det i samband med statsbudsjettet for 2023 vedtok nytt styringssignal og finansiering av NRK for perioden 2023 til 2026. Vedtaket inneber at tilskotet til NRK for kvart av åra frå 2024 til 2026 skal aukast i tråd med pris- og lønsveksten i samfunnet.

Men då regjeringa hausten 2023 la fram forslaget til statsbudsjettet for 2024, inneholdt dette ei klårt lågare justering av tilskotet til NRK enn forventa pris- og lønsvekst. Forslaget frå regjeringa vart vedteke av Stortinget i desember 2023. Styret og kringkastingssjefen har teke opp med Kulturdepartementet at manglande dekning for pris- og lønsvekst vil føra til ein underkompensasjon på 323 millionar kroner i 2024. Den avgrensa dekninga er ei utfordring for

NRK. Styret og leiinga i selskapet har likevel først og fremst reagert prinsipielt på tilskotsvedtaket. Det er fordi at NRK meiner at både forslaget og vedtaket bryt med styringssignalet og stortingsvedtaket i desember 2023, som inneber at tilskotet for åra 2024 til 2026 skal justerast i takt med pris- og lønsvekst. NRK viste til at prinsippet om fireårige styringssignal vart innført for å styrkja NRK og media sitt sjølvstende og føreseieleghet. For NRK var dette viktige føresetnader for å gå over til ei finansieringsordning basert på direkte statstilskot, så ein skulle unngå å vere nøydde til å argumentera eller gå i årleg drøfting om dei økonomiske rammevilkåra med dei maktorgana som media har som oppgåve å dekkja med kritisk journalistikk.

Strategi

Dei overordna måla til NRK byggjer direkte på allmennkringkastaroppdraget og er grunnlaget for den strategiske retninga, både når det gjeld samfunnsrolla og kva ein krev av NRK som organisasjon. Som resultat av ein lengre revideringsprosess vart dei overordna måla reviderte i 2022:

- NRK styrkar og utviklar demokratiet
- NRK løfter og gjer norsk og samisk språk og kultur rikare
- NRK samlar og engasjerer alle som bur i Noreg

Gjennom ein brei prosess, med både interne og eksterne innspel, utformar NRK kvart år ein omverdsanalyse som undersøkjer ulike utviklings-trekk i samfunnet og i mediemarknaden. Denne er grunnlaget for dei årlege strategiprosessane der ein reviderer mål og set kurs. Arbeidet med strategi-revideringa i år stadfestar at NRK-strategien er robust i møte med utviklinga kring oss, og ein treng ikkje endra retning på overordna nivå. Strategirevideringa i 2023 handla heller om å vidareutvikla svara for kva som må til for å lykkast med strategien, dei fire publikumsposisjonane og ambisjonane om å nå 4 av 5 digitalt.

Dei siste åra har vi opplevd ei verd som er prega av parallelle kriser: Klima, krig, pandemi og dyrtid utgjer eit komplekst sett av utfordringar som heng saman, såkalla polykriser. Kompleksiteten i dei globale krisene vi står overfor, må vi truleg rekna som «den nye normalen». Vi ser meir av økonomisk nedgang,

intensiverte geopolitiske spenningar, tydelegare klimaendringar og ein akselarasjon i teknologiutviklinga, då særleg innan kunstig intelligens, som overskrid spådomane frå i fjar. I denne utviklinga, som år for år forandrar verda slik vi kjenner henne, står NRK-oppdraget støtt: Allmennkringkastaren skal oppfylla sosiale, demokratiske og kulturelle behov i samfunnet, fremja den offentlege samtalen og medverka til at heile befolkninga får nok informasjon til å kunne vere aktivt med i demokratiske prosessar.

Samtidig er allmennkringkastarane under press i Norden. Danmarks Radio har vore gjennom kutt tidlegare. I Finland vart nokre avgrensningar innførte allereie i 2022, medan andre saker framleis er til behandling hjå EU-kommisjonen. I Sverige er ein allmennkringkastingsdebatt under oppsegling, og kringkastarane har dei siste åra sjølvregulert seg til å bruka mindre tekst på nett.

NRK blir naturleg nok påverka av alt dette. I tillegg står organisasjonen oppe i eit krevjande og omfattande teknologisk opprustingsarbeid – og NRK står dessutan overfor fleire komplekse flytteprosessar.

NRK har i strategien definert fire strategiske posisjonar, eller hovudoppgåver, som vi må ha ut mot publikum. Desse er i sum NRKs overordna «oppskrift» på korleis vi skal løysa, og framleis vere i stand til å løysa, allmennkringkastoppdraget i framtida. Desse vart òg reviderte og spissa i 2023:

Skapar store fellesopplevelingar: Eit velfungerande demokrati er avhengig av fellesskapskjensle. NRK skal vera ein arena for å samla mange i Noreg samtidig, på tvers av alder, geografi og miljø. Vi skal vera eit lim i samfunnet.

Er først med det siste, forklarar og viser samanhengar: Publikum har eit stort behov for å henga med når verda er prega av uvisse og kriser. Dei møter ein konstant straum av både informasjon og desinformasjon. Gjennom høg tillit og truverd kan NRK fungera som landets viktigaste arena for nyheter og dialog og for å få folk til å delta i demokratiet.

Begeistarar med innhald ingen andre lagar: For å lykkast i eit intenst konkurransebilete må vi få

innhaldet vårt til å stå ut og bli vald. Vi har eit eige ansvar for å bidra til nyskaping, slik det står formulert i NRK-plakaten. Vi skal skapa innhaldet folk snakkar om, og som set spor i folks liv.

Er attraktiv for kvar nye generasjon: Dei som veks opp i dag, har tilgang på heile verda, heile tida. Dei brukar meir tid på internasjonale medium enn dei gjer på dei norske. Dette er deltakarane i demokratiet i framtida! Vi må nå ut til born og unge med kvalitetsinnhald og oppleveligar som skapar tilhør til det norske samfunnet.

NRK har framleis ein sterk posisjon både når det gjeld bruk og omdøme, og veks digitalt, men er i sterke konkurranser. I eit medielandskap som endrar seg raskt, set NRK òg mål for utvikling av eigen organisasjon. Det overordna organisasjonsmålet vart revidert i 2022, til «Ein kreativ og modig fellesskap i verdsklass». I tillegg til det overordna organisasjonsmålet bidreg dei tre delmåla «Vi jobbar saman frå start», «Vi dyrkar krafta i mangfaldet» og «Vi er nyfikne og lærer kvar dag» til å setje kurs og gje fart til utvikling av organisasjonen NRK i ei verd som set stadig høgare krav til samarbeid og tempo. Organisasjonsmåla vart vurderte som robuste òg i 2023, medan tiltaka for å nå måla vart vidareutvikla.

Medieutviklinga

Medietrendane har halde fram òg i 2023, med digital vekst og nedgang i dekning for tradisjonelle medium. Men det er nokre nyansar: Medan strøyming stabiliserer seg, ser vi auka vekst for podkastlytting igjen. Radio har vore meir stabilt enn TV dei siste åra, men har eit lite fall i dekning no i 2023. Tekst-TV fell elles til det lågaste nivået nokon gong. Samtidig ser vi at publikum seier at dei brukar meir tid på medium samla i år. Det er ein vekst i alle aldersgrupper, og det skjer i størst grad i digitale medium som nettstadene, strøyming og sosiale medium. Både nasjonale og globale medium veks i tidsbruk i befolkninga. Dei nasjonale media lykkast i å halda avstanden til dei globale og er framleis mest brukte. Derimot er dei globale media mykje større i tidsbruk blant dei unge, og sjølv om dei nasjonale media òg veks, aukar avstanden. Utfordringa med å nå framtidas publikum er større enn nokon gong for dei norske media og

NRK. Eit viktig funn er at publikumstilliten til norske redaksjonelle medium og NRK framleis er svært sterkt, medan tilliten til informasjon i sosiale medium er låg.

NRK når framleis 91 prosent av befolkninga dagleg og når fire av fem eller meir i alle segmenta, unntake born og tenåringer. I dei to gruppene ser vi at dekninga fell. NRK har over tid lykkast med å endra seg i takt med medievanane i befolkninga og dermed nådd langt fleire enn 80 prosent dagleg. Men dei siste åra ser vi noko stagnasjon. Sjølv om NRK TV og NRK Radio veks, kompenserer ikkje det fullt ut for nedgang på NRK.no og dei kringkasta media. NRK-dekninga gjennom sosiale medium fell som forventa etter dei strategiske vala om å publisera på eigne plattformer. Eit av dei viktigaste måla for NRK er vekst bland publikum på nett, eller det vi ofte kallar «digitalt». Samla sett har NRK noko digital vekst, men han skjer i hovudsak blant dei over 50 år. I likskap med medietid elles aukar òg tida publikum brukar på NRK. I andelar av medietid er NRK dermed stabil i posisjonen sin.

Dei offisielle lyttartala til radio er stabile i 2023, men vi ser noko nedgang i dekning for mediet, sjølv om det er betydeleg mindre og tregare enn nedgangen for lineær TV over dei siste ti åra. NRKs andelar av radiolytting er stabile på rundt 65 prosent. NRK P1 er framleis den største radiokanalen vår, følgd av NRK P1+ og NRK P2. Lydtenesta NRK Radio har halde fram med veksten sin gjennom 2023 og løftar seg med 20 prosent. Veksten til NRK Radio skjer både bland yngre og eldre lyttarar, men framleis er lyttinga høgst bland dei med høg utdanning og i dei store byane.

Lineær TV-sjåing held fram med å falla i Noreg. For første gong er ho no under 80 minutt. Ho fell i alle aldersgrupper, og bland dei under 30 år, er det no berre eit kvarter med lineær sjåing dagleg. NRK er framleis det største TV-selskapet og NRK1 landets største kanal, samtidig som TV2 har løfta seg mest gjennom året. Den totale sjåartida på NRK fell i alle alderssegment, unntatt tenåringerane, som vi treffer betre i 2023. Der vi har vekst på strøyming, kompenserer det ikkje for nedgang av lineær sjåing. Målt i dekning har NRK TV halde fram veksten sin i 2023. Veksten skjer både bland tenåringerane og aldersgruppa over 50 år.

NRK.no har hatt eit fall i bruk i 2023, men det gjeld

og dei andre norske nettstadene, altså eit uttrykk for ein meir generell trend. Det er verdt å ta med seg at nedgangen til NRK.no (og VG) stabiliserte seg på hausten. Det er framleis framsida og direkte trafikk på nettstaden som er den viktigaste inngangen til NRK.no. Sosiale medium står for ein liten del av trafikken inn til NRK.no.

NRKs omdøme er sterkt òg i 2023. Vi veks på tillit, valuta for skattepengane, mandatet og «viktig for samfunnet», medan vi er stabile når vi måler om NRK er nyskapande eller viktig for den enkelte. Det er rekord på målinga av kor viktige vi er for samfunnet, med 84 prosent som meiner det. Alle segment meiner NRK er viktig for samfunnet. Derimot er tala for «viktig for meg» som normalt lågare, og vi ser skilnader mellom unge og dei meir vaksne, og mellom dei som er utan høgare utdanning mot dei som har høg utdanning.

Inntekts- og kostnadsutvikling

NRK AS fekk eit underskot på 74 millionar kroner i 2023. Tilsvarende tal for 2022 var eit underskot på 55 millionar kroner. Om ein justerer for kostnader til flytting og sluttspakkar i samband med den ekstraordinære nedbemannninga, viser NRKs ordinære drift eit positivt resultat på ca. 13 millionar kroner. Rekneskapsresultatet er som planlagt.

For konsernet, som omfattar dei heileide dotterselskapa NRK Aktivum AS, NRK Normannsløkka AS og Ensjøveien 7 AS, vart resultatet eit underskot på 169 millionar kroner, mot eit underskot på 129 millionar kroner i 2022.

Rekneskapsresultata for NRK AS og NRK Konsern vil visa underskot òg dei neste åra på grunn av kostnader og investeringar knytte til det nye hovudkontoret på Ensjø i Oslo. Dette vil bli meir enn utjamna av ein betydeleg salsvinst tilsvarende overskotet når Ferd overtek det gamle hovudkontoret, sannsynlegvis i 2029.

Inntekter

Samla driftsinntekter i NRK AS var 6 432 millionar kroner i 2023 mot 6 211 millionar kroner i 2022, ein auke på 222 millionar kroner (3,6 prosent).

Statstilskotet auka med 218 millionar kroner (3,6 prosent) til 6 219 millionar kroner. Anna driftsinntekt er omtrent uendra med 213 millionar kroner, mot 209 millionar kroner i 2022. Anna driftsinntekt består av tilskot frå fond til konkrete produksjonar, i tillegg til inntekter frå royalties, sponsoring, sal av arkivmateriale og program, og utleige av produksjonskapasitet.

Uteståande krav på kringkastingsavgifta, som vart avvikla i 2019, er nedskrivne til null ved utgangen av 2023. Avsetning for framtidig tap på uteståande krav på kringkastingsavgifta var 38 millionar kroner ved utgangen av 2022.

Kostnader

Sum driftskostnader i NRK AS utgjorde 6 607 millionar kroner i 2023, mot 6 331 millionar kroner i 2022, ein auke på 276 millionar kroner (4,4 prosent). Høg kostnadsvekst frå 2022 til 2023 skriv seg frå fleire forhold, men hovudelementa er høgare rettskostnader og auka kostnader knytt til arbeidet med det nye hovudkontoret.

Lønskostnader inkludert omstilling og pensjon er omtrent uendra frå 2022 til 2023, med ein auke på 5 millionar kroner (0,1 prosent), til 3 445 millionar kroner. At personalkostnadene ikkje aukar meir, kjem dels av reduksjon i bemanninga, dels av mindre bruk av mellombels tilsette og dels av høge omstillingskostnader i 2022.

Rekneskapen for 2023 er belasta med til saman 87 millionar kroner knytte til Prosjekt Nytt hovudkontor, skilde ut på ei eiga line i resultatrekneskapen. Dette er ein auke på 58 millionar kroner frå 2022.

Årsrekneskapen for 2023 inneheld ikkje kostnader knytte til forskings- og utviklingsaktivitetar.

Balanse

Sum egedelar for NRK Konsern aukar med 141 millionar kroner frå 2022 til 2023. Dette kjem av auka behaldning av balanseførte sportsrettigheter, som aukar med 329 millionar kroner, samtidig som behaldning av innkjøpte og eigenproduserte program er redusert med 148 millionar kroner. Anleggsmiddel aukar med 21 millionar kroner (1,0 prosent), fordringar blir reduserte med 12 millionar kroner (4,7 prosent), og bankinnskot blir reduserte med 45 millionar kroner (11,5 prosent).

På eigenkapital- og gjeldssida blir eigenkapitalen redusert med 188 millionar kroner som følgje av årsresultatet 2023 og ikkje-amortisert estimatavvik for pensjon. Avsetning for pensjonsforpliktingar aukar med 8 millionar kroner, medan kortsiktig gjeld aukar med 322 millionar kroner knytt til auka behaldning av sportsrettigheter.

Likviditet og kontantstraum

Ein føresetnad for god og stabil drift er godt samsvar mellom inngående likvidar og likvidar som blir brukte for å nå dei overordna målsettingane for konsernet. Det er kontantstraumen til konsernet som er relevant målepunkt for å styra dette forholdet. Resultatrekneskapen representerer ikkje direkte kontantflyten i verksemda. Frå år til år kan balansen mellom nyttlikviditet og innbetalte midlar variera noko. Dette inneber at konsernet til kvar tid må syte for å halde ein tilfredsstillande likviditetssituasjon.

NRK har valutarisiko knytt til kjøp av varer og tenester med oppgjer i utanlandsk valuta. Valutainntekter finst i liten grad. Framtidige betalingsforpliktingar i utanlandsk valuta med forventa verdi større enn 10 millionar kroner blir sikra ved kjøp av terminkontraktar i utanlandsk valuta frå på førehand godkjente motpartar.

Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar, investeringsaktivitetar og finansieringsaktivitetar for konsernet er negativ med 45 millionar kroner for 2023. Årsresultatet for konsernet for same perioden var negativt med 169 millionar kroner. Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar unntake avskrivningar er negativ med 99 millionar kroner. Avskrivningar er på nivå med investeringar i varige driftsmidlar, medan netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar (kassekreditt) er positiv med 52 millionar kroner. Avviket mellom kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar og driftsresultatet kjem av ein stor auke i behaldning av sportsrettigheter som forfall til betaling seinare.

NRK AS hadde ved årsskiftet trekt 206,9 millionar kroner av ein trekkfasilitet på 700 millionar kroner i DNB. Ein vurderer likviditetssituasjonen som tilfredsstillande. Datterselskapa NRK Normannsløkka AS og Ensjøveien 7 AS hadde til saman trekt 72 millionar kroner av ei trekkramme på 100 millionar kroner.

Når det gjeld finansiell risiko og risikostyring har morselskapet i 2023 plassert hovudtyngda av likviditetsreserven i bank og særinnskot i bank. Finansplasseringane har hatt ei gjennomsnittleg avkasting i løpet av året på 4,42 prosent. Sum finanspostar var positive med 102 millionar kroner i 2023 for NRK AS. Dette inkluderer eit utbytte på 25 millionar kroner frå NRK Aktivum AS.

Styret fastset retningslinene og regelverket for finansforvaltinga. Dette skjer gjennom styrebehandling kvart år. Skriftleg fullmakt er gjeven til dei personane som har rett til å utføra finansielle transaksjonar. Fullmakta er tidsavgrensa til maksimalt 2 år. Kontroll av finansaktivitetane blir utført løpende med jamleg rapportering til styret, økonomi- og finansdirektør og økonomisjef konsern.

NRK bruker finansielle instrument i form av valutaterminkontraktar. NRK har valutarisiko knytt til kjøp av varer og tenester med oppgjer i utanlandsk valuta. Valutainntekter finst i liten grad. Instrumenta ein bruker, er spotvekslingar, terminkontraktar og valutakonti tilknytte konsernkonto. Sikringskontraktar skal ein berre inngå med på førehand godkjente motpartar. Valutasikring gjer ein for å sikre valutatransaksjonane våre og ikkje til spekulasjon. Framtidige betalingsforpliktingar i utanlandsk valuta med ein forventa verdi på meir enn 10 millionar kroner blir sikra ved kjøp av terminkontraktar i utanlandsk valuta.

Kommersielle rammer og sponsormidlar

NRKs allmennkringkastartilbod er nær 100 prosent finansiert over statsbudsjettet. NRK kan i tilknyting til særskilte programkategoriar ha sponsorinntekter på TV og radio. Selskapet følgjer dei reglane for sponsorfinansiering og visning av sponsorplakatar som er trekte opp i kringkastingslova, forskrifter og interne retningslinjer. Sponsorinntektene er knytte til produksjon av større idretts- og kulturhendingar.

Den kommersielle verksemda til NRK blir driven gjennom det heileigde datterselskapet NRK Aktivum AS. NRK Aktivum AS hadde ei omsetning i 2023 på

99 millionar kroner, ein auke på 12 millionar kroner frå 2022. Driftsresultatet var positivt med 12 millionar kroner, medan rekneskapsmessig overskot føre skatt enda på 22 millionar kroner. Det er sett av 25 millionar kroner til utbytte til NRK AS. I tillegg er det sett av 21,9 millionar kroner til konsernbidrag til Ensjøveien 7 AS.

Organisasjon

Faste årsverk

Ved slutten av 2023 hadde NRK 3 221 fast tilsette årsverk, ein nedgang på 8 årsverk samanlikna med året før. NRK har valt å prioritere vekst innan teknologi- og produktutvikling for å dekka strategiske behov, og talet på årsverk på dette området har auka frå 400 til 441.

Mellombels tilsette

Ved utgangen av 2023 utgjorde vikarar 142 årsverk og mellombels prosjektilsette 108 årsverk. Tilsvarande tal ved utgangen av 2022 var 152 årsverk for vikarar og 186 mellombels prosjektilsette. NRK drøftar med dei tillitsvalde minst éin gong årleg bruken av mellombels tilsette med heimel i arbeidsmiljølova. Mellombels tilsette blir brukte som erstatning for faste som ikkje er i arbeid grunna rettsbasert fråvær: sjukdom, ferie, fødselspermisjonar og liknande, eller i prosjektarbeid når det er behov for spisskompetanse, under produksjonstoppar, i tidsavgrensa prosjekt eller som erstatning for fast tilsette som får andre oppgåver i ein periode. Avhengig av produksjonsfasar, prosjekt og publikumssatsingar vil den mellombelse bemanninga variera både gjennom året og frå år til år.

Deltidsarbeid

Ved utgangen av 2023 jobba 80 kvinner og 61 menn i deltidsstillingar i ulike kombinasjonar. Dette er noko lågare enn ved utgangen av året 2022, då tilsvarande tal var 96 kvinner og 75 menn.

Fødselspermisjonar

Til saman 87 kvinner og 80 menn tok ut fødselspermisjon i 2023. Totalt tok kvinner ut 1 700 veker i fødselspermisjon. Tilsvarande for menn var 1 114 veker. I gjennomsnitt tok kvinner ut 19,5 veker i fødselspermisjon, mot 14 veker for menn. 11 menn og 3 kvinner tok ut gradert permisjon i 2023.

Kjønnsbalanse, alder og fleirkulturelle

Kjønnsbalansen blant alle NRKs medarbeidrarar er 47 prosent kvinner og 53 prosent menn. Blant leiarar totalt er 54 prosent kvinner og 46 prosent menn. Toppleiargruppa, inkludert kringkastingssjefen, består ved utgangen av 2023 av sju menn og tre kvinner.

Gjennomsnittsalderen for fast tilsette i NRK var ved utgangen av 2023 på 47,5 år, og det er stabilt frå dei to førre åra. Snittalderen, mellombelse og vikarar medrekna, var 46,3 år. Andelen medarbeidrarar med innvandrarbakgrunn er ifølgje tal frå SSB på 6,6 prosent, det same som i 2022. Denne andelen inkluderer personar som er fødde i utlandet av to utanlandsfødde foreldre og fire utanlandsfødde besteforeldre, og norskfødde med innvandrarforeldre.

Sjukefråvær

NRK hadde eit sjukefråvær på 5,8 prosent i 2023. Dette er ein nedgang frå 6,2 prosent i 2022. Sjukefråværet ligg under landsgjennomsnittet. Psykiske plager og muskel-/skjelettsjukdom er hyppigaste årsak til langtidsfråværet (over åtte veker). Andelen arbeidsrelatert sjukefråvær er lågt.

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

NRKs HMS-system varetek ulike produksjonar og aktivitetar i organisasjonen. I 2023 vart det totalt registrert 91 avvik, mot 89 i 2022. Av desse var det 53 som medførte personskadar; det er ein nedgang frå året før. NRK hadde ingen alvorlege arbeidsulykker som vart melde til Arbeidstilsynet.

Normannsløkka

Prosjektertinga av nytt hovudkontor på Ensjø (Normannsløkka) er i 2023 formalisert med et eige prosjektstyre som blir leidd av Johan Arnt Vatnan. 1. oktober vart ny prosjektdirektør tilsett og arbeidet utviklar seg etter planen. Store delar av organisasjonen har i 2023 vore involverte i arbeidet med å utarbeida eit hovudfunksjonsprogram.

Berekraft

Regjeringa legg til grunn at statleg eigde selskap blir drivne på ein ansvarleg måte. Det inneber å opptre etisk forsvarleg og identifisera og handtera selskapets påverknad på menneske, samfunn og miljø. Omsynet

til berekraftig drift er styrkt i den siste eigarskapsmeldinga (*Meld. St. 6 (2022–2023) "Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap"*). NRK jobbar langs alle tre dimensjonar av berekraftsomgrepet – både miljømessige og sosiale forhold, og styring.

Klima og miljø

NRK har identifisert dei største klimagassutsleppa frå eiga verksemد og har sett som mål å halvera direkte påverkbare utslepp innan 2030 samanlikna med 2019-nivå. I dette målet er NRK på rett veg. Dei direkte påverkbare utsleppa er reduserte med ein tredel i 2023 samanlikna med 2019. Det vil seie at dei har gått frå 4 783 tCO₂e i 2019 til 3 231 tCO₂e i 2023.

NRK definerer direkte påverkbare klimautslepp som direkte utslepp (scope 1) og indirekte utslepp (scope 2), og flyreiser i andre indirekte utslepp (scope 3). Dette består hovudsakleg av utslepp frå drivstoff i NRKs eigne bilar (267 tCO₂e), energibruk og fjernvarme knytt til bygg (1 388 tCO₂e), og flyreiser (1 565 tCO₂e). Trenden er at utslepp frå drivstoff går ned som følgje av overgangen til utsleppsfrie bilar. Utslepp frå flyreiser har stabilisert seg på eit nivå godt under året 2019, som er siste normale året før pandemien. I 2023 er det ein marginal reduksjon i utslepp frå flyreiser samanlikna med 2022.

NRKs overordna mål bygger på prinsippet om at NRK prioritærer tiltak som gjev reelle kutt frå eigne aktivitetar, og at vitskap og internasjonale klimaavtalar skal vera førande. NRKs mål er i tråd med målet i Parisavtala om å avgrensa global oppvarming til 1,5 grad i 2030 samanlikna med førindustriell tid. Eit viktig tiltak er arbeidet med å gjere TV-produksjonar meir klima- og miljøvenlege. Ved starten av året sette NRK som mål at alle produksjonar skal gjennomføra tiltak for ein grønare produksjon, blant anna ved å ta i bruk ein klimakalkulator i TV-produksjonar. Ved utgangen av 2023 har i overkant av 80 prosjekt fullført ein klimarekneskap. Rundt 120 produksjonsleiarar og prosjektleiarar har fått opplæring i grøn produksjon i løpet av året, og mange ulike redaksjonar og avdelingar i NRK har laga eigne grøne bod.

Mangfold og talentprogram

NRK jobbar systematisk for å fremja auka mangfold i alle delar av organisasjonen. Det er etablert eit nytt

og breiare rammeverk for NRKs arbeid med mangfold, tilgjenge og tilhør. I 2023 har merksemda vore retta mot å omsetja rammeverket til konkrete handlingar gjennom workshopar og rådgjeving. NRK prioritærer no arbeidet innan fire område: fleirkulturelt mangfold, funksjonsmangfold, kjønn og LHBT+ og språkmangfold. Ambisjonen er å auke representasjonen av ibuande kompetanse for desse fire områda i innhald og i organisasjon.

NRK har tre eigne talentprogram for å utdanna og kvalifisera særleg kritisk kompetanse. Dette gjeld journalistar med nynorskkompetanse, journalistar med fleirkulturell kompetanse og talent som har samisk kultur- og språkkompetanse. Det samiske talentprogrammet har hatt som mål å auka tilfanget av unge samiske journalistar og har vist seg å vera svært vellykka. Det har derfor gått frå å vera ei prosjektordning til å bli ei permanent ordning frå og med 2024. Talentprogramma er organiserte i ulike divisjonar, men har eit tett samarbeid for å koordinera og samarbeida om utvalde læringsløp.

Fremjar likestilling og hindrar diskriminering

Aktivitets- og utgreiingsplikta (ARP, «Aktivitets- og redegjørelsесplikten») er ei lovpålagd føresegn frå 2020. Ho vart òg teken inn som protokolltilførsel i NRKs lønsoppgjer same år. Alle norske verksemder skal jobba aktivt, målretta og planmessig for å fremja likestilling og hindra diskriminering. Kravet er at alle verksemder kvart år skal gjera greie for

- den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling
- korleis verksemda arbeider med likestilling og ikkje-diskriminering

Aktivitetsplikta skal følgja ein firestegsmodell for aktivt likestillingsarbeid som er nedfelt i likestellings- og diskrimineringslovas § 26. Firestegsmodellen går ut på å kartleggja risiko og hinder for likestilling, identifisera årsakene, laga tiltak som er eigna til å motverka diskriminering, bidra til auka likestilling og mangfold i verksemda og evaluera resultata av arbeidet. Etter lova er følgjande HR-område omfatta av plikta:

rekrytering, løns- og arbeidsvilkår, forfremjing, høve til utvikling og opplæring, og tilrettelegging og høve til å kombinera arbeid og familieliv.

I 2023 har dette arbeidet vore innlemma i ulike prosessar knytt til tema som mangfold, ufrivillig deltid og livsfase. NRK har gjennomført lønskartlegging av skilnader mellom kjønna for ulike aldersgrupper, stillingsgrupper og organisatorisk tilknyting. Resultata varierer for ulike grupper og er oppsummerte i tabellen på neste side:

Det er relativt små lønsforskjellar mellom kvinner og menn i NRK, og denne forskjellen blir redusert noko frå 2022 til 2023. I 2022 var kvinners løn i gjennomsnitt 97,9 prosent av menns løn, medan dette talet auka til 98,1 prosent i 2023. Utviklinga for dei ulike stillingsgruppene varierer.

Dei ulike stillingsgruppene er dels kategoriserte i tråd med alder, dels i tråd med stillingsgrupper i NRKs overeinskomstar. Vidare skil vi på leiarar som er omfatta av NRKs overeinskomstar og dei som ikkje er det, her namngitte "avtalelønte leiarar".

Grada av ufrivillig deltid vart undersøkt ved ei spørjeundersøking blant fast tilsette med stillingsprosent under 100. Hausten 2022 vart det gjennomført samtalar med ei rekke deltids-tilsette for å finna årsaker til ufrivillig deltid. Basert på denne kartlegginga vart det i 2023 utarbeidd ei leiarrettleiing for oppfølging av deltidstilsette. Formålet er å redusera andelen ufrivillig deltid. Dei tillitsvalde deltok i arbeidet med denne rettleiinga. NRK har òg drøfta med dei tillitsvalde korleis lovendringar knytt til deltidstilsettes rettar best kan praktiserast. Det er laga retningslinjer for dette basert på desse drøftingane.

	År 2022		År 2023	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsbalanse totalt	46%	54%	47%	53%
Kjønnsbalanse leiarar	55%	45%	54%	46%
Mellombels tilsette (årsverk)	85	100	54	54
Tal på i foreldrepermisjon	88	97	87	80
Gj.snitt veker foreldrepermisjon	19	14	20	14
Årsverk fast tilsette	1 485	1 744	1 494	1 727
Tilsette som jobbar deltid	94	83	80	61
Gjennomsnittsalder fast tilsette	47,5 år		47,5 år	
Lønsskilnad alle	97,9 %	100%	98,1 %	100%
Lønsskilnad alder 20-39	95,9 %	100%	96,2 %	100%
Lønsskilnad alder 40-59	100%	99,9 %	100%	99,5 %
Lønsskilnad alder 60+	96,0 %	100%	95,4 %	100%
Lønsskilnad teknologi/IT og drift	100%	96,9 %	100%	98,5 %
Lønsskilnad journalistar	99,8 %	100%	99,6 %	100%
Lønsskilnad design	91,4 %	100%	93,1 %	100%
Lønsskilnad leiarar	97,1 %	100%	93,5 %	100%
Lønsskilnad avtalelønte leiarar	93,7 %	100%	91,3 %	100%
Lønsskilnad andre stillingar	95,9 %	100%	97,3 %	100%
Tilsette som jobbar ufrivillig deltid	43%	31%		
Kjønnsfordeling alder 20-39	390	414		
Kjønnsfordeling alder 40-59	884	1 082		
Kjønnsfordeling alder 60+	212	248		
Kjønnsfordeling teknologi/IT og drift	42	244		
Kjønnsfordeling journalistar	761	893		
Kjønnsfordeling design	41	42		
Kjønnsfordeling leiarar	172	136		
Kjønnsfordeling avtalelønte leiarar	52	51		
Kjønnsfordeling andre stillingar	418	378		

*) Krav til opplysningar kvart år

**) Krav til opplysningar annakvart år

Organisasjonsutvikling

NRK arbeider kontinuerleg med å utvikla organisasjonen, for dette er ein viktig premiss for å lykkast med NRKs overordna strategiar. NRKs strategi peiker på tre område som skal kjenneteikne organisasjonen:

- Vi jobbar saman frå start.
- Vi dyrkar krafta i mangfaldet.
- Vi er nyfikne og lærer kvar dag.

Ved å jobba endå tettare saman frå start, få med fleire perspektiv og faggrupper tidleg i ulike prosessar og aktivt bruka det mangfaldet som finst i organisasjonen,

skal NRKs endringstakt styrkast. Det handlar òg om å vera nyfiken på bruk av ny teknologi, utvikle nye måtar å laga innhald på og styrke kreativiteten og evna til å testa, feila og læra undervegs.

Kompetanse og leiarutvikling

NRK tek ulike grep for å stimulera til læring og utvikling i organisasjonen. I 2023 er det gjennomført ein serie med inspirasjonsføredrag kalla «Felles læring», med ei siste samling i Store studio, der fleire NRK-profiler diskuterte kva NRK-verdien «modig» betyr. NRKs årlege fagdag i august hadde òg modig som overbygning, med tema som historieforteljing, gravejournalistikk og KI på programmet. Når det gjeld leiarutvikling er det laga eit nytt rammeverk

2023

Årsrekneskap og årsmelding

for heile kapleg leiarutvikling. Dette skal setjast i verk i 2024. I løpet av året har to nye direktørar fått hjelp i utviklinga av leiargruppa, og 42 nye leiarar har delteke på kurset «ny som leder». Det er òg gjennomført tre program for vaksjesifar. Dei 70 øvste leiarane i NRK har delteke på to fysiske leiararenaer i løpet av året, med tema som strategi, organisasjonsutvikling og leiing knytt til utfordringane NRK står overfor som organisasjon.

Medarbeidarundersøkinga

I den årlege medarbeidarundersøkinga måler NRK i kva grad organisasjonen utviklar seg i ønskt retning. Årets medarbeidarundersøking vart gjennomført i starten av september. Svarprosenten var på 84 prosent (totalt 2 783 respondentar). Det gjev eit solid grunnlag for å seia noko om arbeidsmiljøet. Undersøkinga syner stabilt gode resultat, med framgang på «Grøn kultur» og «Eg og min leiar». Det er ein svak tilbakegang på «Mål og ansvar» og på «Autonomi». Resultata syner at kompetanseutvikling er den klart viktigaste drivaren for motivasjon hjå medarbeidarane. I 2022 syntte resultata ein positiv reduksjon i opplevinga av usunt arbeidspress. Vi ser at dette resultatet har halde seg på tilsvarande nivå i 2023.

Ein attraktiv arbeidsplass

NRK er oppteken av å tiltrekke seg rett kompetanse og halde på dei gode hovuda. I 2023 har vi vidareført ambisjonen om å vera Noregs beste og mest attraktive arbeidsplass. Målet er å sikra at NRK har den kompetansen vi treng for å levera på oppdraget, speglar folket og sikra innovasjon. To medarbeidargrupper har vist seg å vera utfordrande å rekruttera. Det gjeld medarbeidarar med teknologikompetanse og journalistar til distriktskontor, då særleg i Nord-Noreg og Sápmi. I løpet av 2023 har NRK løfta dei interne arenaene for å møtast på tvers, og vi har blant anna etablert eit UNG i NRK-nettverk. Ny i NRK-dagen er videreutvikla med eit velkomstløp og eit automatisert program før ein byrjar.

Utgreiling av aktsemdunderingar etter openheitslova

Utgreiling for aktsemdunderingar etter openheitslova er publisert i ein samla årsrapport saman med årsrekneskapen og styrets melding.

Styreansvarsforsikring

Styret vedtok i desember 2022 å teikna forsikring for styremedlemmene og den daglege leiinga for deira moglege ansvar overfor føretaket og tredjepersonar. Forsikringa har ei dekning på 100 millionar kroner og tredde i kraft frå 1. januar 2023.

Styresamsetjinga

NRK-styret vart oppnemnt i generalforsamlinga 20. juni 2022. Styret består av følgjande medlemmer:

Birger Magnus er styreleiar, Åsne Havnelid er nestlediar. Andre aksjonærvalde styremedlemmer er Veslemøy Tvedt Fredriksen, Shahzad Abid og Arild Grande. Tor Egelien, Elin Fossum og Lars Toverud er representantar valde av dei tilsette.

Endringar i leiinga

Pål Nedregotten byrja som teknologidirektør 1. mai 2023. Frå same tidspunktet gjekk Øgvind Lund inn i ei nyopprettet stilling som prosjektdirektør for modernisering av NRKs produksjonsplattform, etter å ha fungert som teknologidirektør sidan 1. desember 2022. Jørgen Heid byrja som direktør for strategi- og mediedivisjonen 1. juni 2023 etter å ha fungert i denne stillinga for Øgvind Lund sidan 1. desember 2022.

I tillegg til kringkastingssjef Vibeke Fürst Haugen består toppleiiinga per 1. april 2024 av følgjande divisjonsdirektørar: Helje Solberg (Nyheiter), Camilla Bjørn (Innhald), Marius Lillelien (Distrikt), Johan Ailo Kalstad (NRK Sápmi), Jørgen Heid (Strategi og medium), Andreas Norvik (Økonomi og finans), Olav A. Nyhus (kringkastingssjefens stab og juridisk avdeling), Pål Nedregotten (Teknologi og produkt), Olav Hypher (Organisasjon) og Øgvind Lund (prosjektdirektør for modernisering av NRKs produksjonsplattform).

Resultatdisponering

Styret meiner at det framlagde årsresultatet er ei rett framstilling av verksamda i 2023. Styret føreslår at underskotet på 74 millionar kroner i NRK blir belasta

annan eigenkapital. Den bokførde eigenkapitalen blir etter dette 1 547 millionar kroner. Av dette er 547 millionar kroner annan eigenkapital.

For konsernet viser årsresultatet eit underskot på 169 millionar kroner.

Framleis drift

Vi legg til grunn ei inntektsutvikling i tråd med stortingsvedtak frå desember 2022 om at NRK skal kompenseraast for løns- og prisvekst. På bakgrunn av dette forventar NRK rekneskapsmessig balanse for den ordinære verksemda òg dei neste åra. Dette inneber effektivisering for å handtera auka kostnader til rettigheter og teknologi.

Dei neste åra vil vidare vera prega av store investeringsprosjekt fram til NRK flytter til nye lokale i Trondheim og i Oslo. Fram til det skjer, vil årsresultata både for NRK AS og NRK Konsern syne underskot og svekt eigenkapital, før meirverdiar vil bli realiserte frå sala.

Storleiken på underskot og overskot dei einskilde åra, og eigenkapital og likviditet etter flyttingane, vil avhenga av rentenivå, regulering av eigedomane og byggekostnader. I tillegg vil framdrifta i moderniseringa av NRKs produksjonsplattform og overgang til ny, IP-basert teknologi vera avgjerande for å lykkast. Styret vil derfor følgja moderniseringsarbeidet tett.

I samsvar med rekneskapslovas § 3-3 blir det stadfesta at føresetnaden om framleis drift er lagd til grunn for rekneskapen.

Førde, 8. april 2024

Birger Magnus
(styreleder)

Elin Fossum

Lars Toverud

Arild Grande

Veslemøy Tvedt Fredriksen

Tor Egelién

Åsne Havnælid

Shahzad Abid

Vibeke Fürst Haugen
administrerende direktør/kringkastingssjef

NRKs strategiplakat

NRK styrkar og utviklar demokratiet

NRK løfter og gjer norsk og samisk språk og kultur rikare

NRK samlar og engasjerer alle som bur i Noreg

Skapar store fellesopplevelingar

Er først med det siste, forklrarar og viser samanhengar

Begeistrer med innhald som ingen andre lagar

Er attraktiv for kvar nye generasjon

Ein kreativt og modig fellesskap i verdsklass

Blir vald kvar dag

Årsrekneskap for 2023 med notar

Resultatrekneskap

(Beløp i heile 1 000)

Konsern				NRK AS	
2023	2022	Note		2023	2022
6 219 321	6 001 500	Statstilskot		6 219 321	6 001 500
218 825	219 813	Anna driftsinntekt	2, 3	212 888	209 010
6 438 146	6 221 313	Sum driftsinntekter		6 432 209	6 210 510
		Behaldningsendring eigenproduserte			
14 923	-139 850	program	4	14 923	-139 850
3 130 012	3 094 388	Lønskostnad	5	3 130 012	3 094 388
13 672	46 648	Omstillingskostnad		13 672	46 648
301 720	299 306	Pensjonskostnad	6	301 720	299 306
166 707	229 546	Honorar og fremandytingar		187 566	243 827
379 534	352 412	Sendetekniske kostnader	7	379 534	352 412
326 859	325 144	Avskrivning og nedskrivning	8	276 087	274 372
2 258 317	2 151 674	Andre driftskostnader	5, 9	2 216 947	2 131 473
6 591 744	6 359 268	Sum driftskostnader før kostnader knyttet til flytting		6 520 462	6 302 576
87 233	28 916	Kostnader knyttet til nytt hovudkontor		87 233	28 916
6 678 977	6 388 184	Sum driftskostnader		6 607 695	6 331 491
-240 831	-166 871	Driftsresultat		-175 486	-120 981
0	0	Utbytte frå datterselskap	3	25 000	25 000
2 777	1 656	Resultat frå tilknytt selskap	10	0	1 500
86 243	48 725	Renteinntekt		84 181	48 436
5 173	740	Anna finansinntekt		4 987	589
30 899	22 007	Rentekostnad		555	7 823
11 612	1165	Annan finanskostnad		11 429	934
51 681	27 950	Sum finanspostar		102 184	66 768
-189 150	-138 921	Resultat føre skattekostnad		-73 302	-54 213
-19 987	-9 538	Skattekostnad	11	586	329
-169 163	-129 383	Årsresultat		-73 889	-54 542
		Overføringer og disponeringar			
-169 163	-129 383	Overført til annan eigenkapital	EK	-73 889	-54 542

Balanse

(Beløp i heile 1 000)

Konsern		NRK AS			
31.12.2023	31.12.2022	Note	31.12.2023	31.12.2022	
		Eigedelar			
		Anleggsmidlar			
		Immaterielle anleggsmidlar			
257 645	176 731	IT-system / Programvare	8	257 584	176 588
53 547	32 974	Utsatt skattefordel	11	0	0
311 192	209 704	Sum immaterielle anleggsmidlar		257 584	176 588
		Varige driftsmidlar			
1 177 585	1 334 552	Tomter, bygningar og annan fast eigedom	8	515 167	616 131
592 928	518 474	Driftsløsøre og transportmiddel	8	587 615	518 474
1 770 513	1 853 027	Sum varige driftsmidlar		1 102 782	1 134 605
		Finansielle anleggsmidler			
0	0	Investeringar i datterselskap	10	263 869	49 030
6 300	3 524	Investeringar i tilknytta selskap og felleskontrollert verksemd	10	13 350	13 350
3 426	3 426	Investeringar i aksjar og andalar	12	3 426	3 426
893	2 142	Langsiktige fordringar	13	893	208 290
10 619	9 092	Sum finansielle anleggsmidlar		281 538	274 096
2 092 324	2 071 823	Sum anleggsmidlar		1 641 904	1 585 290
		Omløpsmidlar			
		Behaldningar			
4 918	7 972	Teknisk utstyr og rekvisita		4 918	7 972
1 303 567	974 462	Sportsrettigheter	4	1 303 567	974 462
720 292	853 310	Innkjøpte program	4	720 292	853 310
288 356	303 279	Eigenproduserte varer i arbeid	4	288 356	303 279
2 317 132	2 139 023	Sum behaldningar		2 317 132	2 139 023
		Fordringar			
36 719	54 934	Kundefordringar	14	23 490	28 242
		Konsernfordringar	14	49 865	28 062
207 699	201 542	Andre fordringar	15	206 279	225 095
244 419	256 476	Sum fordringar		279 634	281 398
		Bankinnskot/kontantar og liknande			
348 086	393 384	Bankinnskot og kontantar	16	107 884	153 284
2 909 638	2 788 883	Sum omløpsmidlar		2 704 651	2 573 705
5 001 962	4 860 706	Sum eigedelar		4 346 555	4 158 995

Balanse

(Beløp i heile 1 000)

		Konsern		NRK AS	
31.12.2023	31.12.2022	Note	31.12.2023	31.12.2022	
Eigenkapital og gjeld					
Eigenkapital					
Innskutt eigenkapital					
1 000 000	1 000 000	Aksjekapital	17, EK	1 000 000	1 000 000
Opptent eigenkapital					
522 380	710 699	Annan eigenkapital	EK	546 818	639 863
1 522 380	1 710 699	Sum eigenkapital		1 546 818	1 639 863
Gjeld					
Avsetning for forpliktingar					
142 598	134 606	Pensjonsforpliktingar	6	142 598	134 606
142 598	134 606	Sum avsetning for forpliktingar		142 598	134 606
Anna langsiktig gjeld					
600 000	600 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	18	0	0
200 000	200 000	Forskotsbetaling sal tomt	18	200 000	200 000
800 000	800 000	Sum anna langsiktig gjeld		200 000	200 000
Kortsiktig gjeld					
71 727	19 272	Gjeld til kredittinstitusjonar		0	0
388 208	308 399	Leverandørgjeld	3	385 232	306 515
243 092	231 003	Skuldige offentlege avgifter		243 092	230 520
586	3 417	Betalbar skatt	11	586	329
1 833 371	1 653 310	Anna kortsiktig gjeld	19	1 828 229	1 647 162
2 536 984	2 215 401	Sum kortsiktig gjeld		2 457 139	2 184 526
3 479 582	3 150 006	Sum gjeld		2 799 737	2 519 132
5 001 962	4 860 706	Sum eigenkapital og gjeld		4 346 555	4 158 995

Kontantstraumsanalyse

(Beløp i heile 1 000)

Konsern		NRK AS	
2023	2022	2023	2022
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar:			
-189 150	-138 921	Resultat føre skattekostnad	-73 302
-3 417	-1 319	Periodens betalte skattar	-329
0	0	Utbytte frå datterselskap	-25 000
-2 777	-1 656	Resultat frå tilknytte selskap	0
326 859	325 144	Ordinære avskrivningar	276 087
-178 110	-419 429	Endringar i varelager	-178 110
18 215	-22 443	Endringar i kundefordringar	4 752
0	0	Endringar i konsernfordringar	3 196
79 809	30 163	Endring i leverandørgjeld	78 717
-11 164	-10 841	Skilnad mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbetaling i pensjonsordning	-11 164
247 554	116 898	Endring i sportsrettigheiter	247 554
-60 312	-49 121	Endringar i andre tidsavgrensingspostar	-67 542
227 507	-171 525	Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar:	254 859
Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar:			
-325 259	-359 410	Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmiddel	-325 259
0	0	Innbetaling av utbytte frå datterselskap	25 000
0	1 500	Innbetaling av utbytte frå tilknytt selskap	0
-325 259	-357 910	Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar:	-300 259
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar:			
52 455	14 522	Utbetaling/innbetaling kortsiktig gjeld knytt til kassekreditt	0
52 455	14 522	Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	0
-45 297	-514 912	Netto endringar i kontantar og kontantekvivalentar	-45 400
393 384	908 296	Behaldningar av kontantar og kontantekvivalentar 1.1.	153 284
348 087	393 384	Behaldningar av kontantar og kontantekvivalentar 31.12	107 884
Beholdningar av kontantar og kontantekvivalentar 31.12			
			153 284

Førde, 8. april 2024

Birger Magnus (styreleder)

Elin Fossum

Lars Toverud

Arild Grande

Veslemøy Tvedt Fredriksen

Tor Egelién

Åsne Havnelid

Vibeke Fürst Haugen

Shahzad Abid

administrerende direktør/kringkastingssjef

Eigenkapital

(Beløp i heile 1 000)

NRK AS

	Aksjekapital	Annen eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2021	1 000 000	690 423	1 690 423
Ikkje amortisert estimatavvik		3 982	3 982
Årsresultat		-54 542	-54 542
Eigenkapital 31.12.2022	1 000 000	639 863	1 639 863
Ikkje amortisert estimatavvik		-19 156	-19 156
Årsresultat		-73 889	-73 889
Eigenkapital 31.12.2023	1 000 000	546 818	1 546 818

Konsern

	Aksjekapital	Annen eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2021	1 000 000	836 100	1 836 100
Ikkje amortisert estimatavvik		3 982	3 982
Årsresultat		-129 383	-129 383
Eigenkapital 31.12.2022	1 000 000	710 699	1 710 699
Ikkje amortisert estimatavvik		-19 156	-19 156
Årsresultat		-169 163	-169 163
Eigenkapital 31.12.2023	1 000 000	522 380	1 522 380

NRK følgjer Norsk Reknesaksstandard 6 om pensjonskostnader. Dei estimerte verdiane blir korrigerte kvart år i samsvar med berekning gjennomført av aktuar. Endringar i pensjonsforpliktinga som kjem av endring i dei aktuarmessige berekningsføresetnadene i reknesaksperioden, såkalla ikkje-amortisert estimatavvik, blir berekna og blir ført direkte mot eigenkapitalen.

Ved utgangen av 2023 har Ensjøveien 7 negativ eigenkapital med 8,1 millionar kroner og har trekt 22,9 millionar kroner på kassekreditten. NRK Normannsløkka AS har eigenkapital som er positiv med 175,4 millionar kroner og har trekt 48,8 millionar kroner på kassekreditten. Løpende drift i NRK Normannsløkka AS og Ensjøveien 7 AS vil dels bli sikra ved vidare opplåning knytt til byggeprosjektet på Ensjø, og dels ved konsernbidrag frå NRK Aktivum.

NRK har ut frå inngåtte avtaler betydelege meirverdiar knytt til eigedom på Marienlyst. Desse vil kome fram på tidspunktet for Ferds overtaking av eigedomen, seinast i 2033. NRK Aktivum AS hadde ved utgangen av 2023 eigenkapital som er positiv med 183 millionar kroner og ein likviditet som er positiv med 240 millionar kroner.

Oversyn over notar:

Note 1	Reknesaksprinsipp
Note 2	Spesifisering av anna driftsinntekt
Note 3	Transaksjonar med nærståande parter
Note 4	Behaldning av innkjøpte og eigenproduserte program
Note 5	Lønskostnader, tal på tilsette og godtgjeringar
Note 6	Pensjonsforpliktingar
Note 7	Sendetekniske kostnader
Note 8	Varige driftsmidlar og immaterielle eigedeler
Note 9	Spesifisering av andre driftskostnader
Note 10	Dotterselskap, tilknytta selskap og felleskontrollert verksem
Note 11	Skatt
Note 12	Aksjar og andelar
Note 13	Langsiktige fordingar / andre avsetningar for forpliktingar
Note 14	Kundefordringar
Note 15	Andre fordingar
Note 16	Bankinnskot
Note 17	Tal på aksjar, aksjeeigarar
Note 18	Langsiktig gjeld
Note 19	Anna kortsiktig gjeld
Note 20	Valutaterminkontraktar
Note 21	Hendingar etter balansedagen

Notar til rekneskapen for 2023

Note 1 Reknesaksprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reknesakslova og god reknesaksskikk.

Utarbeiding av konsernrekneskap

Konsernrekneskapen omfattar morselskapet NRK AS (NRK), datterselskapa NRK Aktivum AS, NRK Normannsløkka AS og Ensjøveien 7 AS, dei tilknytte selskapa Norsk Radio AS og Faktisk.no AS og den felleskontrollerte verksemda Norges Televisjon AS. Konsernrekneskapen er utarbeidd som om konsernet var éi økonomisk eining. Transaksjonar og mellomverande mellom mor- og dotterselskap er eliminerte.

Konsernrekneskapen er utarbeidd etter einsarta prinsipp ved at dotterselskapa følgjer dei same reknesaksprinsippa som morselskapet med unnatak av tilknytta selskap. I morselskapet blir tilknytta selskap vurderte etter kostmetoden. Dei tilknytta selskapa og den felleskontrollerte verksemda er vurdert etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen. Alle beløp er i heile 1000 med mindre noko anna er oppgjeve.

Kontantstraumoppstillinga

Kontantstraumoppstillinga blir utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar som direkte og med uvesentleg kursrisiko kan konverterast til kjente kontantbeløp og med forfallsdato kortare enn tre månader frå anskaffingsdato.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedeler og gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfall til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet, og postar som knyter seg til senderettigheiter. Andre postar er klassifiserte som anleggsmidlar / langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar blir vurderte til lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Eigenproduserte program blir balanseførte til tilverkingskost, det vil seie at både direkte og indirekte kostnader er ført på programproduksjonane. Eigenproduserte program blir vurderte til lågaste verdi av tilverkingskost og verkeleg verdi.

Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Anleggsmidlar blir vurderte til anskaffingskost. Varige driftsmidlar blir avskrivne etter ein fornuftig avskrivningsplan over den forventa økonomiske levetida til driftsmiddelet. Anleggsmidlane blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ein ikkje forventar er forbigåande.

Immaterielle eigedeler

Immaterielle eigedeler er balanseførte så langt kriteria for balanseføring er oppfylte. Immaterielle eigedeler i NRK-rekneskapen er balanseførte IT-system/programvare, både eigenutvikla og innkjøpte.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar blir balanseførte og avskrivne over levetida til driftsmiddelet dersom det har levetid over tre år og har ein kostpris som overstig 500 000 kroner. Vedlikehald av driftsmidlar blir kostnadsførte løpende som driftskostnader, medan påkostnader eller utbetringar blir tillagde kostprisen til driftsmiddelet og blir avskrivne i takt med driftsmiddelet.

I dotterselskapa blir driftsmidlar balanseførte og avskrivne dersom dei har levetid over tre år og kostpris som overstig 15 000 kroner.

Varige driftsmidlar blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ein ikkje forventar er forbigåande.

Datterselskap, tilknytta selskap, felleskontrollerte verksemder, aksjar og andelar

Datterselskap, tilknytta selskap, felleskontrollerte verksemder, aksjar og andelar blir vurderte etter kostmetoden i selskapsrekneskapen til NRK. Investeringane er vurderte til anskaffingskost for aksjane med mindre nedskriving har vore naudsynt. Det er gjort nedskriving til verkeleg verdi når verdifall skuldast årsaker som ein ikkje trur er forbigåande, og det må ein sjå på som naudsynt etter god rekneskapskikk. Nedskrivingar er reverserte når grunnlaget for nedskriving ikkje lenger er til stades. I konsernrekneskapen blir tilknytta selskap og felleskontrollerte verksemder vurderte til eigenkapitalmetoden. Andre investeringar blir vurderte etter same prinsipp som i selskapsrekneskapen.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. For kundefordringar gjer ein ei sjablongmessig avsetning for å dekkja anteke tap. For andre fordringar gjer ein avsetning til tap på grunnlag av ei individuell vurdering av dei einskilde fordringane.

Valuta

Pengepostar på bankkonti i utanlandsk valuta er vurderte etter kursen på balansetidspunktet, så framt dei ikkje inngår i sikringsposisjon. Bokførte transaksjonar i framand valuta blir omrekna til transaksjonskurs, så framt dei ikkje er sikra. Valutavinstar eller -tap ved ikkje-sikra transaksjonar blir presenterte som anna finansinntekt eller finanskostnad.

Finansiell risiko

NRK AS forvaltar overskotslikviditeten sin innanfor klart definerte rammer for å ha eit aktivt forhold til finansiell risiko. Investeringsuniverset er definert til utferdarar i den norske penge- og rentemarknaden, og utferdarar skal vere denominerte i NOK. Følgjande instrument kan brukast: bankinnskot, pengemarknadsfond, obligasjonsfond, kortsiktige plasseringar i forsikringsselskap, kredittføretak og eit utval industrielskap mot gjeldsbrev, og sertifikat og obligasjonar utferda av stat, kommunar, bank, forsikring, kredittføretak og industrielskap.

NRK AS ønskjer å ha ein låg kreditrisiko på plasseringane, og ein ser investeringsprofilen som konservativ. Alle utferdarar i privat sektor og statlege selskap skal ha rating innanfor kvalitetssegmentet «investment grade». Kommunar skal ikkje stå på ROBEK-lista. Bankar skal ha ein forvaltningskapital på minimum 10 milliardar kroner. Kvar utferdar har maksgrense for plassering, bortsett frå statsobligasjonar, som er ubegrensa. Ein held likviditetsrisikoen som låg, då ein ser rentepapir frå utferdarane på lista som svært omsettelege.

Organisering, styring og kontroll av finansaktivitetane

Finansforvaltninga i NRK er organisert slik: styret, kringkastingssjef, økonomi- og finansdirektør, økonomisjef konsern og finansforvaltar. Styret fastset retningslinene og regelverket for finansforvaltinga. Dette skjer gjennom styrebehandling kvart år. Skriftleg fullmakt er gjeven til personar som har rett til å utføre finansielle transaksjonar. Fullmakta er tidsavgrensa til maksimalt 2 år. Kontroll av finansaktivitetane blir utførte løpende med jamleg rapportering til styret, økonomi- og finansdirektør og økonomisjef konsern.

Valutasikringar

NRK har valutarisiko knytt til kjøp av varer og tenester med oppgjer i utanlandsk valuta. Valutainntekter finst i liten grad. Følgjande instrument blir brukte: spotvekslingar, terminkontraktar og valutakonti tilknytta konsernkonto. Sikringskontraktar skal berre inngåast med på førehand godkjende motpartar. Ein gjer valutasikring for å sikre valutatransaksjonane våre og ikkje for å spekulera. Framtidige betalingsforpliktingar i utanlandsk valuta med ein forventa verdi større enn 10 millionar kroner blir sikra ved kjøp av terminkontraktar i utanlandsk valuta. Prinsipa for sikringsbokføring i rekneskapsloven blir brukt ved rekneskapsføring av sikra framtidige betalingsforpliktingar. Det vil seie at verdiendring av sikringsinstrumenta (terminkontraktane) og sikringsobjekta (framtidige betalingsforpliktingar) ikkje blir rekneskapsførte, men samanstilte på betalingstidspunktet.

Effektiviteten til sikringsforholdet blir vurdert og dokumentert når ein inngår sikring og på balansedagen. Den effektive delen av sikringa blir ikkje balanseført. Resultateffektane til sikringsinstrumentet blir presenterte på same rekneskapsline som tilhøyrande sikringsobjekt. Dersom sikringa ikkje tilfredsstiller kriteria for sikringsbokføring, blir sikringsinstrumentet balanseført til verkeleg verdi.

Plasseringar

Plasseringar i sertifikat blir vurderte til lågaste av gjennomsnittleg anskaffingskost og verkeleg verdi på balansedagen.

Behaldningar

Ved innkjøp av program og sportsrettigheter er hovudregelen at desse blir balanseførte ved kjøp og kostnadsførte når dei blir viste. Avtalt kontraktsverdi som ikkje er betalt, er ført som kortsiktig gjeld.

Innkjøpte filmar og seriar og entrepriseproduksjonar frå eksterne produsentar blir ført med brutto kontraktsverdi der avtalt kontraktsverdi som ikkje er betalt, er ført som kortsiktig gjeld. Behaldninga av eigenproduserte program er bokført til fullkost. Det vil seie at både direkte og indirekte kostnader er ført til programproduksjonane. Eigenproduserte program blir kostnadsførte ved første gongs visning. Kvart år gjer ein ei vurdering knytt til nedskriving og ukurans.

Innkjøpte sportsrettigheter blir balanseførte til anskaffingskost og blir kostnadsførte når arrangementet som rettigheta er knytt til, blir vist. Sportsrettighetene er klassifiserte som ei behaldning. Kvart år gjer ein ei vurdering knytt til nedskriving og ukurans.

Leigeavtalar

Ei finansiell leigeavtale er ei leigeavtale der det vesentlegaste av den økonomiske risikoen og kontrollen som er knytt til driftsmiddelet, er overført til leigetakar, men utan at sjølv eigedomsretten er overført.

Ei operasjonell leigeavtale er ei leigeavtale som ikkje er finansiell. Leigebetaling ved operasjonelle leigeavtalar blir kostnadsførte lineært over leigeperioden.

Alle leigeavtalane til NRK er behandla som operasjonelle leigeavtalar.

Periodisering av inntekter/statstilskot

NRK AS blir finansiert over statsbudsjettet. Tilskotet blir utbetalt to gonger i året, i januar og juni. Tilskotet blir inntektsført det året tilskotet gjeld for.

Andre inntekter

Andre inntekter blir resultatførte når levering har funne stad og det vesentlegaste av risiko er overført. Sal av tenester blir resultatførte i den perioden levering blir utført.

Pensjonar

NRK pliktar å ha tenestepensjonsordning etter Lov om obligatorisk tenestepensjon og har pensjonsordningar som oppfyller krava etter lova. Rekneskapsføringa av pensjonskostnader skjer i samsvar med norsk rekneskapsstandard for pensjonskostnader.

Fra og med 1. januar 2016 har NRK etablert innskotspensjonsordning i Storebrand. Vilkåra for årleg innskot i innskotsordninga er 7 prosent av pensjonsgjevande løn i intervallet 0 G til 7,1 G og 20 prosent for løn i intervallet 7,1 G til 12 G.

NRK har yttingspensjonsordning i DNB for tilsette som var delvis uføre på tidspunktet for omdanning til innskotspensjonsordning. Dette er ei lukka ordning. I tillegg har NRK usikra pensjonsordningar der pensjonsforpliktingane blir utbetalte over drifta.

NRK følger IAS 19 i tråd med norsk rekneskapsstandard 6 om pensjonskostnader. Ved verdsettinga av pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar er det nytta estimert verdi ved rekneskapsavsluttinga. Dei estimerte verdiene blir korrigerte kvart år i samsvar med utrekning gjort av aktuar.

Endringar i pensjonsforpliktinga som skuldast endring i dei aktuarmessige utrekningsføresetnadene i rekneskapsperioden, estimatavviket, blir utrekna og ført direkte mot eigenkapitalen.

Medlemmene i dei kollektive pensjonsordningane betaler sjølv 1,5 prosent av pensjonsgjevande løn til ordninga.

NRK er medlem av Fellesordninga for AFP. Premiesatsen for 2023 er 2,6 prosent av samla utbetalingar mellom 1 og 7,1 gonger grunnbeløpet til arbeidstakarane i bedrifta.

Skatt

Morselskapet NRK AS er ikke skattepliktig for hovedverksemada si, berre for leigeinntekter knytte til framleige av ledige lokale. Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar såleis berre den i perioden betalbare skatten på netto leigeinntekter og skatt på vinst ved sal av framleige lokale. NRK AS rekneskapsfører følgeleg heller ikke utsett skatt. Dotterselskapa NRK Aktivum AS og NRK Normannsløkka AS er skattepliktige. Skattekostnaden her omfattar såleis både betalbar skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt er utrekna med 22 prosent på grunnlag av dei mellombelste skilnadene som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, og likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteaukande og skattereduserande mellombelste skilnader som reverserer eller kan reversere i same periode, er utlikna og nettoførte.

Note 2 Spesifisering av anna driftsinntekt

Konsern		NRK AS		
2023	2022	2023	2022	
79 484	71 243	NRK Aktivum, royalties og sal av produksjonsressursar	79 032	68 695
61 388	75 976	Offentlege tilskot	61 388	75 976
31 831	25 664	Sal av arkivmat. og program	31 831	25 664
7 622	9 859	Inntekter frå husleige og parkering	2 137	1 604
220	0	Vinst avgang anleggsmidel	220	0
38 279	37 071	Andre inntekter	38 279	37 071
218 825	219 813	Sum andre driftsinntekter	212 888	209 010

Note 3 Transaksjonar med nærtståande partar**Morselskapets transaksjonar med dotterselskap, tilknytta selskap og felleskontrollert verksemd:**

	2023	2022
Royalty, sal av tenester og renter:		
NRK Aktivum AS	88 152	78 196
NRK Normannsløkka AS	9 091	182
Ensjøveien 7	9 664	5902
Kjøp av varer og tenester:		
NRK Aktivum AS	99	80
Norges Televisjon AS	111 959	106 155
Norsk Radio AS	330	380

Morselskapets mellomverande med dotterselskap, tilknytta selskap og felleskontrollert verksemd:

	2023	2022
Fordringar		
NRK Aktivum AS	39 227	46 374
NRK Normannsløkka AS	200	0
Ensjøveien 7 AS	5 527	2 488
Andre fordringar (MVA døtre)	4 911	4 200
Sum	49 865	53 062

Leverandørgjeld NRK Aktivum AS

I tillegg til overståande har NRK Normannsløkka AS gjeve eit lån til Ensjøveien 7 AS på 152 millionar kroner inkludert renter pr 31.12.2023.
NRK Aktivum AS har gjeve eit konsernbidrag til Ensjøveien 7 AS på 21,9 millionar kroner.

Konsernets transaksjonar med tilknytta selskap og felleskontrollert verksemd:

	2023	2022
Kjøp av varer og tenester:		
Norges Televisjon AS	111 959	106 155
Norsk Radio AS	330	380

Note 4 Behaldning av innkjøpte og eigenproduserte program

Konsern		NRK AS		
2023	2022	2023	2022	
110 786	120 618	Innkjøpte filmar og seriar	110 786	120 618
288 356	303 279	Eigne produksjonar under arbeid	288 356	303 279
605 284	728 432	Entrepriseproduksjonar eksterne produsentar	605 284	728 432
4 222	4 260	Dubbingkostnader	4 222	4 260
1 303 567	974 462	Sportsrettigheiter	1 303 567	974 462
2 312 215	2 131 051	Sum	2 312 215	2 131 051

Innkjøpte og eigenproduserte program er vurderte til lågaste verdi av kostpris/produksjonskost og anteke sendeverdi.

I resultatrekneskapen er tala for 2022 retta for ei feilklassifisering ved at tal for behaldningsendring eigenproduserte program er reduserte med 15,676 millionar kroner og andre driftskostnader er auke med same beløp. Dette har ikkje resultateffekt.

Note 5 Lønskostnader, tal på tilsette og godtgjeringar

Konsern		NRK AS		
2023	2022	2023	2022	
2 759 938	2 801 335	Løningar	2 759 938	2 801 335
397 163	335 586	Arbeidsgjevaravgift	397 163	335 586
-27 089	-42 532	Andre yttingar	-27 089	-42 532
3 130 012	3 094 388	Sum	3 130 012	3 094 388
3215	3218	Gjennomsnittleg tal på årsverk	3215	3218

Samla godtgjering til kringkastingssjef (administrerande direktør) Vibeke Fürst Haugen i 2023 utgjorde 3 832 330 kroner, herav løn og feriepengar 3 482 863 kroner. Haugen er medlem i NRKs kollektive personforsikrings-ordningar. Det er innbetalt 187 033 kroner i pensjonspremie til dei kollektive pensjonsordningane i selskapet i 2023 for Haugen.

Samla godtgjering til styret i 2023 var 1 606 550 kroner, herav til styreleiaaren 338 000 kroner, styrets nestleiar 211 250 kroner og andre styremedlemmer totalt 1 057 300 kroner. Varamedlemmene får godtgjering basert på oppmøte gjennom året. Det er ikkje inngått avtale med styreleiar om særskilt vederlag ved opphøyr eller endring av verv, det er heller ikkje inngått avtale om bonus.

Det er kostnadsført følgjande honorar til revisor, eksklusiv mva.:

Konsern		NRK AS		
2023	2022	2023	2022	
822	917	Lovpålagd revisjon	531	579
108	91	Andre attestasjonstenester	31	19
149	63	Skatterådgjeving	149	63
111	284	Andre tenester utanfor revisjon	92	217
1189	1 355	Sum	804	878

Note 6 Pensjonsforpliktingar

NRK AS har ei innskotsbasert pensjonsordning i Storebrand. Vilkåra for årleg innskot i innskotsordninga er 7 % av pensjonsgjevande løn i intervallet 0 G til 7,1 G og 20 % for løn i intervallet 7,1 G til 12 G. Tilsette blir trekte 1,5 % eigendel.

NRK har ei lukka yttingspensjonsordning i DNB for tilsette som var delvis uføre på lukningstidspunktet 31.12.2015. I tillegg har NRK usikra pensjonsordningar der pensjonsforpliktingane blir utbetalte over drifta.

NRK er tilslutta Fellesordninga for AFP, som er ei tariffbasert pensjonsordning for tilsette i privat sektor. Ytinga er livsvarig, og den tilsette kan ta ut ytinga frå fulle 62 år viss vilkåra for uttak er oppfylte.

Tal på medlemer i ordningane:

Konsern				NRK AS	
2023	2022	2023	2022		
	Sikra ordning				
31	36	Pensionistar		31	36
	Usikra ordningar				
11	14	Yrkesaktive		11	14
214	219	Pensionistar		214	219
4594	4232	AFP og innskotsordninga		4594	4232

Årets pensjonskostnad:

Konsern				NRK AS	
2023	2022	2023	2022		
	Sikra og usikra yttingsordningar:				
429	889	Noverdi av årets pensjonsopptening		429	889
4 677	3 344	Rentekostnad av pensjonsforpliktinga		4 677	3 344
-1 975	-1 547	Avkastning på pensjonsmidlar		-1 975	-1 547
763	718	Administrasjonskostnader		763	718
413	355	Arbeidsgjeveravgift		413	355
4 307	3 759	Netto pensjonskostnad		4 307	3 759
	AFP Fellesordninga				
50 737	49 490	Innbetalt premie til AFP fellesordninga		50 737	49 490
6 697	6 533	Arbeidsgjeveravgift		6 697	6 533
57 435	56 022	Sum AFP Fellesordninga		57 435	56 022
	Innskotspensjon				
215 267	211 602	Årets premie		215 267	211 602
-40 217	-39 374	Dekt av dei tilsette		-40 217	-39 374
28 415	27 932	Arbeidsgjeveravgift		28 415	27 932
203 466	200 160	Kostnad innskotspensjon		203 466	200 160
36 513	39 364	Kompensasjon avvikling yttingsordning, anna		36 513	39 364
301 720	299 306	Sum årets pensjonskostnad		301 720	299 306

Pensjonsforplikting:

2023	2022	Pensjonsforplikting sikra og usikra ordningar	2023	2022
-159 559	-181 328	Balanseført forplikting 1/1	-159 559	-181 328
-429	-889	Årets pensjonsopptening	-429	-889
-4 677	-3 344	Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	-4 677	-3 344
-9 347	14 296	Aktuarielt (tap) / vinst	-9 347	14 296
7 327	11 706	Pensjonsutbetaling	7 327	11 706
-166 684	-159 559	Balanseført forplikting 31/12	-166 684	-159 559
		Pensjonsmidlar		
40 649	49 323	Pensjonsmidlar ved byrjinga av perioden	40 649	49 323
1 975	1 547	Forventa avkastning på pensjonsmidlane	1 975	1 547
-7 575	-10 778	Aktuarielt (tap) / vinst	-7 575	-10 778
-674	-634	Administrasjonskostnader	-674	-634
6 339	1 191	Pensjonsutbetalingar	6 339	1 191
40 714	40 649	Pensjonsmidlar 31/12	40 714	40 649
-125 970	-118 910	Netto balanseført forplikting	-125 970	-118 910
-16 628	-15 696	Arbeidsgjeveravgift	-16 628	-15 696
-142 598	-134 606	Sum sikra og usikra ordningar	-142 598	-134 606
-142 598	-134 606	Sum pensjonsforplikting	-142 598	-134 606

Utrekningsføresetnader

Diskonteringsrente	3,10 %	3,00 %
Forventa avkastning på pensjonsmidlar (sikra ordning)	4,80 %	4,70 %
Årleg forventa lønsvekst	3,50 %	3,50 %
Årleg forventa G-regulering	3,25 %	3,25 %
Årleg forventa regulering av pensjonar under utbetaling	2,80 %	2,50 %
Dødeleghetsstabell	K2013BE	K2013BE
Uføreratiff	IR02	IR02
Gjennomsnittleg arbeidsgjeveravgiftssats	13,20 %	13,20 %

Note 7 Sendetekniske kostnader

	Mor/konsern	
	2023	2022
TV	112 623	104 102
Radio, analog	443	384
Radio, digital	210 582	198 351
Nett	34 951	29 282
Kontribusjon	17 896	16 759
Andre	3 040	3 534
Sum	379 534	352 412

Note 8 Varige driftsmidler og immaterielle egedeler

Tomter	Konsern								NRK AS			
	* Bygninger/ tekniske installasjoner				** Andre dr.midlar				*** Anlegg under utføring			
	****				SUM				****			
Tomter	* Bygninger/ tekniske installasjoner	** Andre dr.midlar	Progr.vare /System	*** Anlegg under utføring	2023	Tomter	* Bygninger/ tekniske installasjoner	** Andre dr.midlar	Progr.vare /System	*** Anlegg under utføring	2023	NRK AS
701212	1551520	1945 535	379 729	197 900	4 775 896	Anskaffingskost 1.1	91020	1303 698	1922 838	379 117	192 587	3 889 260
	23 718	116 768	143 398	41 375	325 259	Tilgang 2023		23 718	116 768	143 398	41 375	325 259
-	-	-	-	-	-	Avgang 2023						-
14 919	953 324	1574 898	202 998	-	2 746 139	Akkumulerte av- og nedskrivningar 1.1	14 919	808 419	1552 201	202 529	-	2 578 067
-	130 623	133 753	62 483	-	326 859	Årets avskrivningar		79 932	133 753	62 402	-	276 087
-	-	-	205	-	205	Årets utrangeringer (aktiverte)	-	-	-	-	-	-
-	-	-	205	-	205	Årets utrangeringer (avskrivningar)	-	-	-	-	-	-
686 293	491 292	353 652	257 645	239 275	2 028 157	Bokført verdi 31.12.2023	76 102	439 065	353 652	257 584	233 962	1 360 366

Tomter	Konsern								NRK AS			
	Bygninger/ tekniske installasjoner				** Andre dr.midlar				*** Anlegg under utføring			
	****				SUM				****			
Tomter	* Bygninger/ tekniske installasjoner	** Andre dr.midlar	Progr.vare /Systemar	*** Anlegg under utføring	2022	Tomter	* Bygninger/ tekniske installasjoner	** Andre dr.midlar	Progr.vare /System	*** Anlegg under utføring	2023	NRK AS
701212	1434 980	1848 109	324 868	107 317	4 416 486	Anskaffingskost 1.1	91020	1182 627	1829 943	324 256	107 317	3 535 164
-	121 071	92 895	54 861	90 583	359 410	Tilgang 2022	-	121 071	92 895	54 861	85 270	354 096
-	-	-	-	-	-	Avgang 2022	-	-	-	-	-	-
14 919	831 948	1425 028	149 100	-	2 420 995	Akkumulerte av- og nedskrivningar 1.1	14 919	737 733	1402 331	148 712	-	2 303 694
-	121 376	149 870	53 898	-	325 144	Årets avskrivningar	-	70 685	149 870	53 817	-	274 372
-	-	-	-	-	-	Årets utrangeringer (aktiverte)	-	-	-	-	-	-
-	-	-	-	-	-	Årets utrangeringer (avskrivningar)	-	-	-	-	-	-
686 293	602 727	366 106	176 731	197 900	2 029 757	Bokført verdi 31.12.2022	76 102	495 279	370 637	176 588	192 587	1 311 193

*) 5 - 40 år **) 4 - 10 år *** immaterielle egedeler
**** Økonomisk levetid

Lineær Lineær Avskrivningsplan Lineær Lineær **** immaterielle egedeler

*)**) Fordeling i inngående balanse mellom «Tomter» og «Anlegg under utføring» og mellom «Bygninger / tekniske installasjoner» og «Andre driftsmidler» er korrigert på grunn av ein feil i rekneskapen i fjer. Tala for 2022 er omarbeidde for samanlikningsformål.

Årleg leige av ikke-balanseførte driftsmidler:

Avdeling	Utleigar	Inkl. felleskost og parkering		Kontrakt løper til	Rett til å seie opp i leigetida	Rett til fornying	Rett til å overta bygg	Merknad
		2023	2022					
MediaCity Bergen	Lars Hillesgt 30 AS	21 222	19 135	26/08/2037	Nei	18 mnd./10 år	Nei	
Publikumsservice	Mo Industripark	850	786	30/04/2030	12 mnd.	6 mnd.	Nei	
Østlandssendingen	Myren Eiendom AS	4 745	4 135	30/11/2033	Ja	Nei	Nei	Tidlegast 2026 med 2 års varsel
Møre og Romsdal	Kremmergarten Holding A/S	3 218	2 917	31/01/2031	Nei	Ja, 2 x 5 år	Nei	Forlenging med same vilkår
Buskerud	Grønland 32 B AS	3 223	2 758	31/03/2031	Nei	Ja, 2 x 5 år	Nei	Forlenging med m.messige vilkår
Oslo	Vollaveien 20 AS	2 423	2 465	30/04/2024	Nei	Nei	Nei	
Vestfold	Øvre Langgt 50 AS	2 155	1 799	Løpende	12 mnd.	Nei		
Alta	Industrifeldet Eiendom AS	2 496	2 299	01/10/2024	Nei	Ja, 2 x 5 år	Nei	
Sørlandet	Markensgate 9 AS	2 735	2 409	31/05/2028	Nei	Ja, 2 x 5 år	Nei	
Bodø	Bodø Sentrumseiendom AS	4 449	3 918	18/04/2029	Nei	Ja, 2 x 5 år	Nei	
Porsgrunn	Storgata 137 AS	3110	2 620	30/11/2029	Nei	Ja, 2 x 5 år	Nei	
Fredrikstad	Stadion Nord AS	3 448	1 427	26/06/2032	Nei	Ja, 2 x 5 år	Nei	
Førde	Storehagen Eiendom AS	1 731	0	31/03/2033	Nei	Ja, 2 x 5 år	Nei	
Utanrikskorrespondantar*		6 672	5 291					
Andre *		10 128	7 845					
Sum husleigekostnader		72 605	59 804					

* NRK har ca. 50 eksterne leigekontraktar for leige av lokale til eigne produksjonsavdelingar, korrespondentar og i somme tilfelle til tilsette.

Majoriteten av kontraktane er inngåtte i norske kroner, medan kontraktar for utenlandskorrespondentar er inngåtte i lokal valuta.

Kontraktane kan seiast opp i leigetida.

Alle kontraktar er vurderte som operasjonelle.

Note 9 Spesifisering av andre driftskostnader

Konsern		
---------	--	--

Note 10 Datterselskap, tilknytta selskap og felleskontrollert verksemd

		NRK AS		Bokført verdi	
	Forretnings-kontor	Eigar- og stemmeandel		2023	2022
Datterselskap:					
NRK Aktivum AS	Oslo	100 %		49 000	49 000
NRK Normannsløkka AS	Oslo	100 %		214 869	30
				263 869	49 030
Felleskontrollert verksemd:					
Norges Television AS	Oslo	50,00 %		13 250	13 250
Tilknyttet selskap:					
Norsk Radio AS (før: Dig.radio Norge AS)	Oslo	33,33 %		50	50
Faktisk.NO AS	Oslo	16,67 %		50	50
Bokført verdi av tilknytta og felleskontrollerte selskap			13 350	13 350	

NRK Normannsløkka AS er eit holdingselskap som vart oppretta for å eiga aksjane i eigedomsselskapet Ensjøveien 7 AS, der NRK skal oppføra nytt hovudkontor. Lån til NRK Normannsløkka AS på 214 809 millionar kroner vart konvertert til aksjar i 2003.

Konsern						
	Forretnings-kontor	Eigar- og stemmeandel	Bokført verdi 2023	Andel resultat 2023	Bokført verdi 2022	Eigen-kapital Resultat 2023
Felleskontrollert verksemd						
Norges Televisjon AS	Oslo	50,00 %	6 120	2 781	3 339	9 771 5 562
Tilknyttet selskap						
Norsk Radio AS	Oslo	33,33 %	130	-5	135	390 -14
Faktisk.NO AS	Oslo	16,67 %	50	0	50	300 0
Bokført verdi av tilknytta og felleskontrollerte selskap			6 300	2 777	3 524	

Tala byggjer på førebels resultat før resultatdisponering, då det ikkje føreligg endeleg rekneskap.

Inntekt frå tilknytt selskap:

Konsern		NRK AS	
2023	2022	2023	2022
0	0	Utbytte frå tilknytt selskap (Norges Televisjon AS)	0 1500
		Resultat frå tilknytt/felleskontrollerte selskap:	
2 781	1 624	- Norges Televisjon AS	0 0
-5	42	- Norsk Radio AS	0 0
0	-10	- Faktisk.NO AS	0 0
2 777	1 656	Sum resultat frå tilknytt selskap	0 1500

Note 11 Skatt

NRK er ikkje skattepliktig for den ordinære verksemda. Netto leigeinntekter på fast eigedom utanfor ordinær verksemd blir skattlagde. NRK AS rekneskapsfører ikkje utsett skatt. Utsett skatt i konsernrekneskapen svarar såleis til utsett skatt i datterselskap. Grunnlag for årets skattekostnad består av skattepliktig inntekt i selskapet/konsernet. Det er teke omsyn til eventuelle permanente skilnader og endringar i mellombelse skilnader.

Konsern		NRK AS	
2023	2022	2023	2022
2 665	15 530	Grunnlag for årets skattekostnad	2 665 1496
586	3 417	Skatt 22 %	586 329
586	3 417	Årets betalbare skatt	586 329
Årets skattekostnad består av			
5 396	3 417	Betalbar skatt	586 329
-25 384	-12 955	Endring utsett skatt	0 0
-19 987	-9 538	Årets skattekostnad	586 329
Mellombelse skilnader i konsernrekneskapen:			
		Årets endring	Årets endring
Driftsmidlar		-161 770	45 032
Varebeholdning		0	0
Uteståande fordringar		-266	-75
Vinst-/tapskonto		70	17
Andre skilnader		0	0
Underskot til framføring		-81 430	48 541
Netto mellombelse skilnader		-243 395	93 514
Skatteprosent		22%	22%
Utsett skattefordel av dette		53 547	32 974
			20 175
NRK AS			
Skattemessig vinst ved sal av Minde, ført på vinst- og tapskonto i NRK AS			3 972
Av dette inntektsført i 2017–2022			-2 930
Av dette inntektsført i 2023			-208
Rest til inntektsføring i 2024			833
Skattemessig vinst ved sal av «Sørlandet», ført på vinst- og tapskonto i NRK AS			1791
Av dette inntektsført i 2018–2022			-1 204
Av dette inntektsført i 2023			-117
Rest til inntektsføring i 2024			469
Skattemessig tap ved sal av Bodø, ført på vinst- og tapskonto i NRK AS			-1 986
Av dette tapsført i 2019–2022			1 172
Av dette tapsført i 2023			163
Rest til tapsføring i 2024			-651
Netto skattepliktige leigeinntekter i 2023			-1 713
Skattepliktig del utleige av tilsette til NRK Aktivum AS i 2023			-789
Grunnlag for årets skattekostnad			-2 665

NRK AS rekneskapsfører ikkje utsett skatt, og beløpet er derfor ikkje teke inn i oppstillinga over.

Note 12 Aksjar og andelar

Morselskapets/konsernets investeringar i aksjar og andelar:

Firma	Forretningskontor	Eigarandel	Balanseverdi	
			2023	2022
NTB AS	Oslo	11 %	3 357	3 357
Andre		< 10 %	70	70
Sum investering i aksjar og andelar			3 426	3 426

Note 13 Langsiktige fordringar / andre avsetningar for forpliktingar

Langsiktige fordringar

Konsern			NRK AS	
2023	2022		2023	2022
0	0	NRK Normannsløkka AS inkl renter	0	206 148
0	0	Saldo per 31.12	0	206 148
893	2 142	Lån til tilsette	893	2 142
893	2 142	Sum langsiktige fordringar	893	208 290

Lån til NRK Normannsløkka AS er konvertert til aksjar pr 31.12.2023

Note 14 Kundefordringar

Langsiktige fordringer

Konsern			NRK AS	
2023	2022		2023	2022
37 339	93 687	Kundefordringar	23 790	66 572
620	38 752	Avsetning til tap på kundefordringar	300	38 331
36 719	54 934	Sum kundefordringar	23 490	28 242
		Fordring konsernselskap		
		Fordring døtrer	19 954	23 862
		6. termin MVA (fellesreg. døtrer)	4 911	4 200
		Utbytte frå NRK Aktivum AS	25 000	25 000
		Sum konsernfordringar	49 865	53 062

Reduksjonen i kundefordringar frå 2022 til 2023 skuldast at fordringar på uteståande kringkastingsavgift er skriven ned til null. Statens innkrevjingsentral følgjer opp desse fordringane.

For andre kundefordringar er det ingen kundar eller gruppe av kundar som kan oppfattast som ei eining som åleine står for meir enn 10 prosent av kundefordringane.

Note 15 Andre fordringar

Konsern			NRK AS	
2023	2022		2023	2022
85 751	91 919	Meirverdiavgift til gode	85 751	91 919
5 973	3 408	Refusjon sjukepengar	5 973	3 408
50 063	46 669	Forskotsbetalte kostnader	50 063	46 669
65 911	59 545	Anna	64 491	58 098
207 699	201 542	Sum andre fordringar	206 279	200 095

Note 16 Bankinnskot

Konsern			NRK AS	
2023	2022		2023	2022
348 086	393 384	Sum bankinnskot	107 884	153 284
		Av dette bundne		
129 707	126 674	Tilsettes skattetrekk	129 639	126 674
169 208	158 326	Nordisk TV-samarbeidsfond	169 208	158 326
298 915	284 999	Bundne midlar	298 847	284 999

Per 31.12.23 har NRK AS brukt 206,9 millionar kroner av ei trekramme for kassekreditt på 700 millionar kroner.

Per 31.12.23 har NRK Normannsløkka AS og Ensjøveien 7 AS samla brukt 71,7 millionar kroner av ei trekramme for kassekreditt på 100 millionar kroner.

Note 17 Tal på aksjar, aksjeeigarar

Staten eig alle aksjane i NRK. Generalforsamlinga er Kulturdepartementet ved statsråden.

Aksjekapitalen består av 1 million aksjar med samla pålydande 1 milliard kroner.

Note 18 Langsiktig gjeld

NRK har motteke forskotsbetaling på 200 millionar kroner frå Ferd for kjøp av NRKs eideom på Marienlyst i Oslo. Dette er ført som ei langsiktig gjeld. Dersom NRK ikkje flytter innan avtalt tid, blir kjøpet heva, og beløpet betalt attende med renter. Då ein ser det som svært lite sannsynleg at NRK ikkje flytter, og dagens rentenivå er svært lågt, er det ikkje berekna kalkulatoriske renter på dette.

NRK Konsern har eit bedriftslån på 600 millionar kroner knytt til kjøp av tomt i Ensjøveien til nytt hovudkontor.

Note 19 Anna kortsiktig gjeld

Konsern			NRK AS	
2023	2022		2023	2022
238 064	306 368	Rettigheter	238 064	306 368
38 341	38 276	Skuldig overtid	38 341	38 276
315 900	339 991	Avsett feriepengar og løn	315 900	339 991
164 537	157 075	Nordisk TV-samarbeid	164 537	157 075
980 477	732 923	Avtalefesta skuldige sportsrettigheter	980 477	732 923
96 053	78 676	Andre påløpte kostnader	90 911	72 528
1833 371	1653 310	Sum anna kortsiktig gjeld	1828 229	1647 162

Note 20 Valutaterminkontraktar

Valutaterminkontraktar er inngåtte for å avgrensa valutarisiko ved framtidige betalingsforpliktingar i utanlandsk valuta. Praksis for valutasikring i NRK AS er å sikra alle kontraktar over 10 millionar kroner.

Per 31.12 er det inngått avtalar i følgjande valutaer med gjevne beløp i respektive valuta (utrekna på avtaletidspunktet til avtalte kursar):

Valuta	Valutabeløp	Norske kroner	Mor/konsern		Differanse mellom kontrakts- og marknadsverdi	Marknadsvverdi i norske kroner	Differanse mellom kontrakts- og marknadsverdi			
			2023							
			Marknadsvverdi i norske kroner	kontrakts- og marknadsverdi						
USD	5 701	61 562	57 578	-3 983	0	0	0			
CHF	3000	38 217	37 579	-637	474	4 762	4 746			
EUR	35 274	393 763	402 436	8 673	42 828	463 505	452 915			
Sum urealisert vinst/tap (-)					4 052		-10 607			

Per 31.12.23 har NRK AS 53 løpende terminkontraktar for valutasikring.

Valutasikring blir bokført etter NRS 18 Finansielle eideilar og forpliktingar ved at vinstar og tap frå sikringsinstrumentet blir samanstilte med vinstar og tap frå sikringsobjektet.

Note 21 Hendingar etter balansedagen

Det har ikkje vore vesentlige hendingar etter balansedagen som har noko å seie for rekneskapen.

Melding frå uavhengig revisor

Til generalforsamlinga i Norsk Rikskringkasting AS

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til Norsk Rikskringkasting AS.

Årsrekneskapen består av:

- Selskapsrekneskapen, som består av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumar for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoен og notar, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp
- Konsernrekneskapen, som består av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening:

- Oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav
- Gjev selskapsrekneskapen eit rettvisande bilet av den finansielle stillinga i selskapet per 31. desember 2023, og av resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg
- Gir konsernrekneskapen eit rettvisande bilet av konsernet Norsk Rikskringkasting AS si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av konsernet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg

Penneo Dokumentnøkkel:137LJ-YOA5V-CVGXO-EE7GU-4YD3C-82B58

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet i samsvar med krava i relevante i lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (inklusive dei internasjonale standardane om habilitet), utgjeve av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og vi har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Annan informasjon

Styret og dagleg leiar (leiringa) er ansvarlege for annan informasjon. Annan informasjon består av årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje annan informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese annan informasjon identifisert ovanfor for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld

vesentleg feilinformasjon. Vi har plikt til å rapportere dersom annan informasjon framstår som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på kunnskapen vi har opparbeida oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningar som skal givast i tråd med gjeldande lovkrav.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiringa) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir eit rettvisande bilet i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiringa er òg ansvarleg for nødvendig internkontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskita.

Ved utarbeidninga av årsrekneskapen må leiringa ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om forhold av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grensene kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For vidare beskriving/omtale av revisor sine oppgåver og plikter visast det til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

BDO AS

Terje Tvedt
statsautorisert revisor

Slik blir NRK styrt

NRKs verksemd som allmennkringkastar blir regulert av NRK-plakaten, vedtekten for NRK AS og Lov om kringkasting med forskrifter. Saman utgjer desse kjeldene rammeverket for korleis NRK skal utføre allmennkringkastaroppdraget.

NRKs allmennkringkastingsoppdrag og finansiering skal vurderast fjerdekvart år. Regjeringa la hausten 2022 fram forslag til revidert allmennkringkastingsoppdrag og finansiering for perioden 2023 til 2026. Stortinget vedtok ny NRK-plakat i desember 2022, i samsvar med Regjeringa sitt forslag. Plakaten er eit politisk styringsdokument for NRKs innhaldsforpliktingar og verksemd, og uttrykkjer Stortings overordna krav og rammer for NRK. Det formelle allmennkringkastingsoppdraget er fastsett i vedtekten. NRK-plakaten er innarbeidd som kapittel II i vedtekten, og utfyllande innhalds- og distribusjonskrav er fastsette i kapittel III. Vedtekten vart endra i ekstraordinær generalforsamling i NRK i januar 2023.

NRK er organisert som eit statleg eigd aksjeselskap. Aksjekapitalen er på 1 milliard kroner, og den norske staten eig


aksjane. Eigarskapen er forvalta av Kulturdepartementet. Kulturministeren utgjer generalforsamlinga i NRK AS. Ordinær generalforsamling blir halden i juni kvart år.

Styret i NRK AS har åtte medlemer. Fem blir oppnemte av selskapet si generalforsamling. Tre blir valde av dei tilsette.

Styret legg rammene for NRKs verksemd, vedtek selskapets overordna strategi og budsjett, rapporterer til generalforsamlinga og tilset kringkastingssjef. Kringkastingssjefen er øvste leiar og har det øvste redaksjonelle ansvaret i NRK.

NRK er organisert i ni divisjonar som er direkte underlagte kringkastingssjefen.

NRK har ein bestillarmodell der divisjonen Strategi og medium er ansvarleg for kva som skal publisera på dei ulike plattformene. Dei bestiller innhald frå fire programproduserande divisjonar: Distrikt, Innhald, Nyheter og NRK Sápmi. I tillegg bestiller Strategi- og mediedivisjonen innhald frå uavhengige produksjonselskap utanfor NRK. Fire tverrgående divisjonar understør NRKs evne til å levere i tråd med samfunnsoppdraget. Desse er organiserte i fire einingar: Organisasjonsdivisjonen, Teknologi- og produktdivisjonen, Økonomi- og finansdivisjonen, og Juridisk og stab.



Distriktsdirektor	Innhaldsdirektor	Nyhetsdirektor	NRK Sápmi-direktor	Organisasjondirektor	Strategidirektor	Teknologidirektor	Økonomidirektor	Juridisk og stab-direktor



NRK-styret

Bak frå venstre: Birger Magnus (styreleiar), Åsne Havnælid, Arild Grande, Tor Egelién, Lars Toverud.

Framme frå venstre: Shahzad Abid, Elin Fossum og Veslemøy Tvedt Fredriksen.

Foto: Ole Kaland, NRK.




NRK-leiinga i 2023

Bak frå venstre: Olav A. Nyhus (direktør juridisk og stab), Øyvind Lund (prosjektdirektør for modernisering av NRKs produksjonsplattform), Jørgen Heid (strategi- og mediedirektør), Johan Ailo Kalstad (direktør, NRK Sápmi), Marius Lillelien (distriktsdirektør), Pål Nedregotten (teknologi- og produktdirektør).

Framme frå venstre: Olav Hypher (organisasjonsdirektør), Helje Solberg (nyhetsdirektør), Vibeke Fürst Haugen (kringkastingssjef), Camilla Bjørn (innhaldsdirektør) og Andreas Norvik (økonomi- og finansdirektør).

Foto: Robert Rønning, NRK.



Utgreiing av aktsemds- vurderingar etter openheitslova

Innleiing	76
Kartlegging og vurdering av negativ påverknad/skade	77
Tiltak og aktivitetar	78
NRK Aktivum AS	79

Innleiing

Openheitslova, som tredde i kraft 1. juli 2022, forpliktar NRK til å utføre aktsemdsvurderinger i tråd med OECD-retningslinene for fleirnasjonale selskap, svare på førespurnader frå årmenta og gjere greie for arbeidet med aktsemdsvurderingar. Dette er den andre utgreiinga frå NRK, og ho gjeld for året 2023.

NRK og forankring av ansvarlegheit

NRK er Noregs offentleg eigde allmennkringkastar, med eit breitt tilbod på nett, TV, radio og lyd. Kjerneverksemda i NRK er produksjon og formidling av innhald til publikum.

NRK har i oppdrag å oppfylle demokratiske, sosiale og kulturelle behov i samfunnet. NRK har forplikta seg til å utøve verksemda i samsvar med høge standardar for forretningsetikk. Å utøve ansvarlegheit når det gjeld menneskerettar og anstendig arbeidsliv er sentralt for å oppnå dette målet. Arbeidet er forankra i styret og toppleilinga i NRK.

NRK forvaltar offentlege middel. Med dette følgjer stor innkjøpsmakt og samfunnsansvar. Difor skal NRK ettersørje varer og tenester som er tilverka etter høge etiske og sosiale standardar for arbeids- og miljøforhold i både eiga verksemد og i leverandørkjeda. NRK er underlagd anskaffingslova, med unnatak av innkjøp, utvikling, produksjon eller samproduksjon av programmateriale som er berekna på kringkasting¹. Lov om offentlige anskaffelser § 5 pålegg NRK å fremje respekt for grunnleggjande menneskerettar.

NRK har etablert eigne etiske retningsliner for forretningspartnerar og har implementert krav og prosessar i arbeid med ansvarleg verksemđ, medrekna integrering av arbeid med menneskerettar og anstendig arbeidsliv, i interne styringsdokument.

¹ Aanskaffingsforskrifta § 2-4 b.

² <https://info.nrk.no/innsyn/>

NRK publiserer kvart år rapporten «Mennesker, miljø og styring», som gjer nærmare greie for det kontinuerlege arbeidet innan sosiale og miljømessige forhold, og for styring og rapportering.

NRK har varslingsrutinar for tilsette, som sikrar at varsel om kritikkverdige forhold blir handterte i tråd med reglane i arbeidsmiljølova. Gjennom NRKs etiske retningsliner for forretningspartnerar er NRKs forretningspartnerar pålagde å varsle NRK dersom det ligg føre brot eller mistanke om brot på lov, forskrift og/eller dei etiske retningslinene. NRK har òg, ved å gjere kontaktinformasjon på nrk.no lett tilgjengeleg, lagt til rette for at alle kan ta kontakt med NRK².

NRKs arbeid med openheitslova er organisert slik at NRKs funksjonar for etterleving og risikostyring har overordna ansvar for NRK si etterleving av lova. Det er skipa ei arbeidsgruppe med deltakarar frå dei ulike innkjøpsmiljøa, seksjon for berekraft og NRK Aktivum AS. Arbeidsgruppa gjennomfører overordna risikovurderingar og syter for gjennomføring av aktsemdsvurderingar innan respektive område.

Kartlegging og vurdering av negativ påverknad/skade

Kvart år gjer NRK ein overordna analyse for å kartlegge risiko for brot på relevante lover og reglar, og risiko for faktiske skadar eller potensielle negative konsekvensar. Analysen tek utgangspunkt i bransjerisiko, geografisk risiko og produktrisiko. NRK-verksemđ føregår hovudsakleg i Noreg, og størsteparten av innkjøpa til NRK er frå norske leverandørar. Ein meiner risikoen er låg. Det er utgangspunktet for NRK si tilnærming til aktsemdsvurderingar i eiga verksemđ og i leverandørkjeda.

Eiga verksemđ

I NRKs eiga verksemđ har NRK identifisert risiko knytt til:

- verksemđ med produksjon heile døgnet
- bruk av born i produksjonar, etter særskilt løgve frå Arbeidstilsynet til å ha born og unge i arbeid ved utvikling av programinnhald
- fysisk og psykisk risiko på redaksjonelle risikooppdrag
- diskriminering og trakkassering for redaksjonelle medarbeidarar

NRK har på plass fleire tiltak for å handtere risiko innanfor arbeidsmiljøet. Det blir m.a. gjennomført medarbeidarundersøkingar, risikovurderingar og vernerundar. Alle produksjonar med born gjer eigne risikovurderingar med særleg fokus på nok kvile og låg eksponering. Omfanget av trugsmål og trakkassering blir kartlagt annakvart år, og det er etablert eigne rutinar for oppfølging og ivaretaking etter belastande oppdrag.

Det er ikkje identifisert forhold som har forårsaka eller bidrege til negativ påverknad i ein slik grad at ein må vurdere å stanse forholdet.

Forretningspartnerar og leverandørar

NRK har ei risikobasert tilnærming til aktsemdsvurderingar av forretningspartnerar og leverandørar. Dei største forretningspartnerane og leverandørane frå utlandet er i all hovudsak europeiske selskap som leverer programvare, maskinvare og redaksjonelt innhald. NRK kjøper vidare inn ferdige produksjonar frå selskap i heile verda.

NRK har fokus på å utføre aktsemdsvurderingar på avtaleområde med høg risiko. Til dømes vurderer ein produksjonsstad og innsatsfaktorar som blir brukte i produkt som NRK kjøper. NRK har i 2023 arbeidd med å få større oversyn over kva forretningspartnerar og leverandørar som utgjer risiko for faktiske skadar eller potensielle negative konsekvensar for menneskerettar og anstendig arbeidsliv. Som del av dette arbeidet har NRK sendt ut spørreskjema til utvalde forretningspartnerar og leverandørar for å innhente naudsynt informasjon.

NRK har identifisert risiko knytt til kjøp av redaksjonelt innhald frå norske og internasjonale selskap. NRK ser særleg på produksjonsselskap som utfører oppdrag på bestilling frå NRK. NRK er ein betydeleg aktør i norsk produksjonsbransje. NRK gjennomførte difor i 2023 kartlegging av 15 utvalde produksjonsselskap. Det vart ikkje funne forhold som har forårsaka eller bidrege til negativ påverknad i ein slik grad at ein må vurdere forholdet stansa. NRK er merksam på at det har vore saker knytte til därlege løns- og arbeidsforhold i bransjen og vil difor at NRKs avtalepartnerar på området følgjer opp krav og forventningar NRK stiller i prosjekt.

NRK har vidare kartlagt og risikovurdert forretningspartnerar som NRK kjøper rettar til sportsarrangement av. NRK gjer løpende strategiske og redaksjonelle vurderingar i samband med kjøp av rettar og visning av slike arrangement. Fleire store sportsarrangement blir arrangerte i land med kjende menneskeretsbrot.

Tiltak og aktivitetar

Fotball-VM i Qatar var eit døme på dette. På den eine sida brukar NRK posisjonen som rettigheitshavar til å setje kritisk sokelys mot organisasjonar og vertsland. På den andre sida har NRK i oppdrag som allmenn-kringkastar å sende store idrettshendingar. NRK følgjer desse avtalene opp på ordinært vis via rettighetsavdelinga og vil samstundes vere særleg merksam der NRK sjølv reiser til arrangementsland med høg risiko for å produsere innhald.

NRK har også identifisert risiko knytt til produkt NRK kjøper inn i samband med produksjon av innhald, som kamera og lyd- og lysutstyr. Produksjon av slike produkt skjer i stor grad på fabrikkar i asiatiske land, og framstilling av elektronikk krev ei stor mengd råmateriale, inkludert konfliktmineral. Dette er mineral som blir utvunne i land med høg risiko for menneskerettsbrot og der handelen med minerala kan bidra til væpna konflikt. NRK kjøper dei fleste av denne typen produkt gjennom norske og europeiske forhandlarar, og fleire av desse rapporterer etter openheitslova. NRK vil i 2024 skaffe seg større kunnskap om leverandørkjeda i denne produkt-kategorien gjennom å innhente meir informasjon fra leverandørane til NRK.

I tillegg til dei overnemnde aktivitetane vil NRK framleis jobbe vidare med å få betre oversyn over den eksisterande leverandørkjeda og kvar førsteledsprodusentar til varer som NRK kjøper inn, held til.

I 2023 innførte NRK nytt bestillings- og betalings-system. På sikt vil det gje NRK styrkt kontroll på forbruk mot riktig leverandør. Systemet vil også gje NRK enklare og betre tilgang på rapporteringsdata. I løpet av våren vil NRK ta i bruk nytt avtaleforvaltnings-system samstundes som eit generelt løft på avtale- og leverandøroppfølginga, i første omgang retta mot offentlege innkjøp. NRK held også på å gå til innkjøp av systemstøtte for tredjepartskontroller. Gjennomføring av automatiserte integritetsundersøkingar vil gje NRK godt oversyn over risiko knytt til leverandørkjeda og vil forenkle dialogen med NRKs forretningspartnarar og leverandørar. Samla sett vil dette gje NRK betre innsikt i og større kontroll på leverandørkjeda.

I 2024 vil NRK gjennomføre ein dobbel vesentlegheitsanalyse i samband med krav til ny berekraftsrapportering. Ein vesentlegheitsanalyse tek utgangspunkt i verksemda, verdikjeda og interessene rundt, og identifiserer kva berekraftsområde som er viktige for NRK. Analysen vil ha overføringsverdi og vere med på å gje grunnlag til innsikt og vurderingar knytte til NRKs vidare prioriteringar med arbeid etter openheitslova.

NRK Aktivum AS

NRK Aktivum AS er eit heileigd datterselskap av NRK. Den kommersielle verksemda til NRK blir driven gjennom dette selskapet. Selskapet har til oppgåve å utvikle og omsetje NRKs rettar, produkt og kommersielle tenester. Og NRK Aktivum AS er underlagd openheitslova.

Krava til forankring av ansvarlegheit i NRK er også implementerte i NRK Aktivum AS. Det inneber at NRK Aktivum AS følgjer dei same retningslinene og krava som NRK når det gjeld openheitslova. I praksis vil leverandørkjeda til NRK Aktivum AS i stor grad vere den same som for NRK, siden NRK Aktivum AS i hovudsak sel rettigheter til program som NRK har

betalt for produksjonen av. Leverandøren vil i eit slikt tilfelle allereie vere aktsemdsvurdert av NRK, og NRK Aktivum AS legg desse vurderingane til grunn.

I 2023 har NRK Aktivum AS innhenta informasjon frå utvalde lisenspartnarar med produkt som er knytte til NRK-merkevara. Lisenspartnarar er kundar som kjøper rettar til å produsere produkt som til dømes sengetøy, brettspel og leiker baserte på NRKs programkonsept og merkevarer. Det er ikkje identifisert forhold som har medført eller bidrige til negativ påverknad i slik grad at ein må vurdere å stanse forholdet.

Førde, 08.04.2024

Birger Magnus
styreleiar

Elin Fossum

Lars Toverud

Arild Grande

Veslemøy Tvedt Fredriksen

Tor Egelién

Åsne Havnelid

Vibeke Fürst Haugen
administrerende direktør/kringkastingssjef

Shahzad Abid

Henning Myhre
daglig leiar

Andreas Norvik
styreleiar

Ole André Hansen
styremedlem

Oslo, 08.04.2024



Resultat og nøkkeltal 2019-2023

Økonomisk utvikling konsern	82
Kostnadsutvikling NRK AS	84
Andel til norske TV-producenter	86
Nøkkeltal	87

Økonomisk utvikling NRK konsern siste fem åra

Konsernet NRK

(tal i heile '000)	2019	2020	2021	2022	2023
Statstilskot/kringkastingsavgift	5 781 382	5 727 438	5 879 076	6 001 500	6 219 321
NRK Aktivum, royalties og sal av produksjonsressursar	116 267	87 364	89 346	71 243	79 484
Offentlege tilskot	42 802	40 145	16 631	75 976	61 388
Sal av arkivmateriale og program	26 858	15 924	13 520	25 664	31 831
Inntekter frå husleige og parkering	2 153	1 574	1 686	9 859	7 622
Inntekter i kantine og kiosk	249	0	0	0	0
Vinst avgang anleggsmidlar	12 556	230	0	0	220
Andre inntekter	28 506	20 588	22 911	37 071	38 279
Sum anna driftsinntekt	229 389	165 824	144 093	219 813	218 824
Sum driftsinntekter	6 010 771	5 893 262	6 023 169	6 221 313	6 438 145
Behaldningsendring	-35 203	106 063	-36 366	-139 850	14 923
Løningar	2 477 273	2 422 161	2 560 231	2 801 335	2 759 938
Arbeidsgjevaravgift	340 832	318 600	353 527	335 586	397 163
Andre ytingar	9 842	-1 224	1 731	-42 532	-27 089
Sum lønskostnad	2 827 947	2 739 537	2 915 489	3 094 388	3 130 012
Omstillingskostnad	27 552	22 903	24 685	46 648	13 672
Ytingsordningar	4 250	3 005	8 209	3 759	4 307
AFP fellesordninga	49 675	49 189	50 546	56 022	57 435
Innskotspensjon	170 406	178 634	187 338	200 160	203 466
Kompensasjon avvikla YTP, anna	54 731	47 704	42 735	39 364	36 513
Sum pensjonskostnad	279 062	278 533	289 330	299 306	301 720
Honorar og framandytingar	375 893	259 555	225 845	229 546	166 707
Avskrivning og nedskrivning	264 371	269 679	278 952	325 144	326 859
TV	125 763	147 167	119 354	104 102	112 623
Radio, analog	2 460	202	503	384	443
Radio, digital	191 933	190 545	192 184	198 351	210 582
Nett	28 889	26 657	31 333	29 282	34 951
Kontribusjon (eigendistribusjon)	20 121	16 881	16 228	16 759	17 896
Andre	4 345	3 574	3 462	3 534	3 040
Sum sendetekniske kostnader	373 511	385 027	363 063	352 412	379 534

Konsernet NRK

(tal i heile '000)	2019	2020	2021	2022	2023
Rettigheter	1 065 089	1 104 820	1 126 060	1 114 840	1 211 759
Tap på fordringar	111 623	-63 838	-59 875	-23 847	-10 374
Kjøp og vedlikehald utstyr m.m.	194 832	228 344	233 738	258 510	289 877
Kostnader lokale	159 081	148 169	155 615	171 457	181 153
Reisekostnader	132 014	64 251	65 849	119 008	114 912
Leige utstyr/tenester	102 951	187 053	236 681	291 575	233 834
Tele, data og porto	33 788	22 544	24 500	26 242	23 724
Andre driftskostnader	152 514	156 163	188 984	193 899	213 432
Sum andre driftskostnader	1 951 891	1 847 505	1 971 551	2 151 674	2 258 317
Kostnader knytt til nytt hovudkontor	16 016	32 409	15 458	28 916	87 233
Avviklingskostnader lisenskontoret	146 527	0	0	0	0
Sum driftskostnader	6 227 568	5 941 211	6 048 008	6 388 183	6 678 977
Resultat frå tilknytta selskap	998	272	986	1 656	2 777
Driftsresultat (EBIT)	-215 799	-47 676	-23 853	-165 215	-238 055

Kostnadsutvikling NRK AS siste fem åra

NRK AS

(tal i heile '000)	2019	2020	2021	2022	2023
Behaldningsendring					
Eigenproduksjon til lager	-188 870	-129 541	-155 760	-245 682	-217 281
Eigenproduksjon frå lager	153 667	235 604	119 394	105 832	232 204
Behaldningsendring netto	-35 203	106 063	-36 366	-139 850	14 923
Lønskostnad					
Lønningar	2 469 637	2 414 660	2 557 737	2 801 611	2 759 938
Arbeidsgjeveravgift	339 675	317 533	353 139	335 586	397 163
Andre ytингar	10 549	9	-3 538	-42 808	-27 089
Sum lønskostnad	2 819 860	2 732 203	2 907 337	3 094 388	3 130 012
Omstillingskostnad	27 552	22 903	24 685	46 648	13 672
Pensjonskostnader					
Ytingsordningar	4 250	3 005	8 209	3 759	4 307
AFP fellesordninga	49 207	48 707	50 545	56 022	57 435
Innskotspensjon	170 841	178 991	187 161	200 160	203 466
Kompensasjon avvikla YTP, anna	54 569	47 538	42 658	39 364	36 513
Sum pensjonskostnad	278 229	277 686	289 074	299 306	301 720
Honorar og framandytingar	375 666	256 489	228 251	243 827	187 566
Avskrivning og nedskrivning	264 150	269 427	264 566	274 372	276 087
Sendetekniske kostnader					
TV	125 763	147 167	119 354	104 102	112 623
Radio - analog	2 460	202	503	384	443
Radio - digital	191 933	190 545	192 184	198 351	210 582
Nett	28 889	26 657	31 333	29 282	34 951
Kontribusjon (eigendistribusjon)	20 121	16 881	16 228	16 759	17 896
Øvrige	4 345	3 574	3 462	3 534	3 040
Sum sendetekniske kostnader	373 511	385 027	363 063	352 412	379 534

NRK AS

(tal i heile '000)	2019	2020	2021	2022	2023
Programkjøp og rettigheter					
Kjøp av norsk innhald	395 313	474 308	469 749	466 868	477 471
Visningsrettigheter	117 441	122 230	117 592	108 232	132 054
Sportsrettigheter	215 469	205 891	258 557	216 517	243 281
Musikkrettigheter	216 689	219 998	221 050	223 187	256 452
Andre forpliktingar	120 176	128 432	105 153	100 036	102 500
Sum programkjøp og rettigheter	1 065 089	1 150 860	1 172 100	1 114 840	1 211 759
Statens innkrevjingssentral	48 236	1 174	0	0	0
Tap på fordringar (k-avgift)	111 623	-63 838	-59 875	-23 961	-10 352
Andre driftskostnader					
Kjøp og vedlikehald utstyr m.m.	194 675	228 248	233 741	258 508	289 877
Kostnader lokale	158 741	147 937	155 517	167 201	176 087
Reisekostnader	131 787	64 218	65 847	118 990	114 785
Leige utstyr/tenester	101 752	185 850	235 727	291 575	233 834
Tele, data og porto	33 788	22 544	24 500	26 242	23 724
Andre driftskostnader	103 505	108 630	128 921	178 078	177 233
Sum andre driftskostnader	724 248	757 426	844 252	1 040 594	1 015 540
Sum driftskostnader	6 052 962	5 895 419	5 997 088	6 302 576	6 520 462

Andel til norske TV-produsentar

NRK skal ifølgje § 36 i vedtekten legge ut minimum 40 prosent av det frie programbudsjettet for TV til eksterne produsentar. Andelen skal reknast som eit gjennomsnitt over tre år. Kravet vart teke inn i vedtekten i 2018. Det frie programbudsjettet for TV er all investering i TV-innhald i eit år, fråtrekt investering i nyheter, sport, distriktsendingar, innhald frå NRK Sápmi og kjøp av visningsrett til internasjonale produksjonar.

Åra 2018–2020 utgjorde den første treårsperioden. Gjennomsnittet i denne perioden var 42 prosent, godt over minimumskravet. I åra 2019–2021 såg vi ein tilsvarande trend, med eit gjennomsnitt på 43,8 prosent, og i tredje periode, 2020–2022 auka eksternandelen ytterlegare til 45,2 prosent. Òg i fjerde måleperiode, frå 2021 til 2023, veks andelen eksternproduksjon. Andelen er i denne perioden på 46,8 prosent som eit snitt for dei siste tre åra.

Grafen under syner rullerande treårssnitt av kostnader til eksterne produsentar 2021–2023, og han syner andel av samanliknbar TV-ramme.

Andre eksterne investeringar

NRK har dei siste seks åra bestilt radio- og lydinnhald frå eksterne produsentar. Dette er investeringar som ikkje er medrekna i rapporteringskravet. I 2021 passerte investeringa

i radio- og lydinnhald 29 millionar kroner. I 2022 gjekk total investering noko ned til 25 millionar kroner, men i 2023 er investeringa igjen aukande, no til 27 millionar kroner.

Ei rekke større NRK-produksjonar bruker i stor grad kompetanse frå den eksterne produksjonsbransjen. Heller ikkje dette er medrekna i målinga.


NRK har òg eit samarbeid med Universitetet i Oslo, Nasjonalbiblioteket og stiftingar som Olavsfest i Trondheim og Kåkånomics i Stavanger om vidareformidling av innhald.

Strategisk val

NRK leiter alltid etter den beste idéen, uavhengig av kven som produserer det, og mykje av det eksternproduserte innhaldet er svært godt likt av publikum. Saman med internprodusert innhald og dei målretta internasjonale innkjøpa bidreg eksterne produksjonar til ei sterk og variert innhaldspakke til publikum. Den norske produksjonsbransjen leverer innhald av høg kvalitet, tilpassa NRKs oppdrag og behov. NRK har difor over tid auka investeringane sine i eksterne produksjonar og i perioden 2010–2023 meir enn dobla investeringane sine.

Ei oversikt over NRKs eksterne produksjonar i 2023 er lagt ved Allmennkringkastarrekneskapen som eige dokument.

Kostnader til eksternproduksjon



Nøkkeltal siste fem åra

Nøkkeltal for NRK AS	2019	2020	2021	2022	2023	Talverdiane
Publikum						
11 Dagleg dekning NRK totalt	89 %	89 %	92 %	91 %	91 %	% av befolkninga
12 Marknadsdel på kringkasta TV	40 %	43 %	43 %	42 %	42 %	% av befolkninga
13 Marknadsdel Radio totalt	65 %	64 %	66 %	65 %	65 %	% av befolkninga
14 Dagleg dekning NRK.no eks Yr	37 %	40 %	48 %	48 %	46 %	% av befolkninga
15 Dagleg dekning NRKTV (nett-tv)	17 %	22 %	24 %	25 %	26 %	% av befolkninga
16 Tid brukt på medium totalt				394	437	Minutt pr. person pr. dag
17 Tid brukt på NRK				104	115	Minutt pr. person pr. dag
Lisens						
24 Valuta for skatten	67 %	72 %	72 %	71 %	74 %	% av befolkninga (15+)
Omdømme						
31 Tillit i befolkninga	85 %	86 %	85 %	86 %	86 %	% av befolkninga (15+)
32 NRK viktig for samfunnet	78 %	82 %	83 %	82 %	84 %	% av befolkninga (15+)
33 NRK viktig for deg	66 %	69 %	68 %	69 %	68 %	% av befolkninga (15+)
Innhald						
41 Talet på kanalar TV / Radio	3 / 13	3 / 13	3 / 13	3 / 13	3 / 13	Tal på kanalar 24/7
42 Distriktsendingar NRK1 / P1	10 / 15	10 / 15	10 / 15	10 / 15	10 / 15	Tal på kanalar
43 Tilgjengeleg innhald i NRK TV	153 350	155 000	176 000	202 000	220 000	Tal på titlar
44 Tilgjengeleg innhald i NRK Radio	333 000	387 000	432 000	509 000	482 000	Tal på titlar
45 Nyheter/ Aktualitet / Fakta	43 %	40 %	41 %	42 %	41 %	Andel ressursbruk
46 Kultur / Musikk / Underh / Drama	44 %	52 %	49 %	49 %	49 %	Andel ressursbruk
47 Sport	14 %	7 %	10 %	9 %	10 %	Andel ressursbruk
48 Eksterne produsentar	381 600	463 400	423 000	432 400	462 000	Kroner x 1000
Bemannning						
51 Stillingar fast tilsette	3 334	3 236	3 208	3 227	3 218	Tal på årsverk (FTE)
52 Lønsutvikling	3,2 %	1,7 %	2,7 %	3,7 %	5,2 %	% for oppgjera
53 Tilsette utanfor Oslo	30 %	29 %	28 %	29 %	30 %	% av alle tilsette
54 Kvinneandel alle / leiarar	46 / 52	46 / 52	47 / 55	46 / 55	47 / 54	% av alle tilsette
55 Turn-over (ekstern)	4,7 %	7,4 %	5,8 %	5,4 %	6,2 %	% slutta
Økonomi						
61 Resultat	-206 128	-12 900	5 453	-54 542	-73 889	Kroner x 1000
62 Sum driftsinntekter	5 990 817	5 876 942	6 006 939	6 210 510	6 432 209	Kroner x 1000
63 Statstilskot/k-avgift (%andel)	96,5 %	97,5 %	97,9 %	96,6 %	96,7 %	% av sum driftsinntekt
64 Lønskostnader	2 819 860	2 732 203	2 907 337	3 094 388	3 130 012	Kroner x 1000
65 Sum eigedelar	3 333 808	3 904 004	3 794 323	4 158 995	4 346 555	Kroner x 1000
66 Eigenkapitalandel	51 %	43 %	45 %	39 %	36 %	%-del av totalkapital

Allmennkringkastarrekneskapane for dei enkelte åra dekkjer utførleg områda innhald, publikum og omdøme. Denne rapporten har sett søkelys på driftsøkonomien og bemanningstal.

Linje 11: Kjelde: Kantar Forbruker & Media for NRK.

Linje 12: Kjelde: Kantar media TMOV-undersøkinga.

Linje 13: Kjelde: Nielsen TEAM PPM.

Linje 14: Kjelde: Kantar Forbruker & Media for NRK.

Linje 15: Kjelde: Kantar Forbruker & Media for NRK.

Linje 16: Kjelde: Kantar 24 timer/ Forbruker og Media-undersøkelsen

Linje 17: Kjelde: Kantar 24 timer/ Forbruker og Media-undersøkelsen

Linje 18: Kjelde: NRKs Profilundersøking, Norstat. Sum av svara «meget» eller «ganske godt» på om NRK oppfyller allmennkringkastingsoppdraget.

Linje 32: Kjelde: NRKs Profilundersøking, Norstat. Sum av svara «meget» eller «ganske godt inntrykk».

Linje 33: Kjelde: NRKs Profilundersøking, Norstat. Sum av svara «meget» eller «ganske viktig».

Linje 41: Tal på radiokanalar tel DAB; reine nettkanalar og tenester kjem i tillegg.

Linje 43 og 44: Tal på titlar gjeld alle typar program, inkludert alle nyhetssendingane. Ca. 40 prosent av radiotitlane gjeld nyheter.

Linje 51, 53 og 54: Status er per dato 12. desember kvart år.

Linje 52: Oppgjevne prosenttal er resultatet av dei årlege lønsforhandlingane i NRK.

Linje 55: Turnover er sum slutta i NRK i høve til årgjennomsnitt for sum stillingar. Talgrunnlaget er faste stillingar.

Bidragsytarar i NRK

Tekst

Hege Duckert og Erik Skarrud

Rekneskap

Ole André Hansen og Marianne Wee

Prosjektleiar

Monica M. Walter

Profil

Cecilie Lyng og Hilde Jørgenvåg

Design

TRY

